



## MØTEINNKALLING BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

**Møtedato:** 19.09.2023  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 08:00 - 10:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Rikke Haagensen epost rikke.haagensen@vaksdal.kommune.no

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
17/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
18/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
19/2023	REFERATSAKER OG MELDINGAR
19/2023.1	Samla oversyn for løyving og tildeling av bygdeutviklingsmidlar per mars 2023
19/2023.2	Oversyn for innkomne søknadar og innstilling til løyving av bygdeutviklingsmidlar, september 2023
20/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL LEIKEPlass PÅ HAUGANE, STANGHELLE
21/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL RASTEPLASSAR I EKSINGEDALEN
22/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL SHERPATRAPPER I YKSENDALEN, BYGGJETRINN 2
23/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL OPPFØRING AV UTLÅNSBU PÅ BERGO
24/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GAPAHUK I BERGSØYANE
25/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL SKILTING AV BYGNINGAR PÅ DALE
26/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VEDLIKEHALD AV KORPSHUSET PÅ DALE
27/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV NOFENCE FOR BRUK PÅ GEITER SOM LANDSKAPSPLEIARAR



Vaksdal kommune

- 28/2023      HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL NYTT  
BETALINGSSYSTEM**
- 29/2023      HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL BARNE- OG  
UNGDOMSKONSERT - VINTERTREFFET 2024**
- 30/2023      HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES  
FISKEFESTIVAL 2023**

12. september 2023

Edvin Hesjedal  
Leiar



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
17/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	23/1224

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE-033	23/1224

### GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

**Vedlegg:**

Protokoll - Bygdeutviklingsutvalet - 23.05.2023

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



## MØTEPROTOKOLL BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

**Møtedato:** 23.05.2023  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 08:00 - 10:00

Fast orientering frå kommunedirektøren.

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Edvin Hesjedal	H	Utvalseiar
Line Eide Vik	SP	Nestleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem

---

### Andre møtande:

Rikke Haagensen, Åse Elin Myking

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
14/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
15/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
16/2023	NY VURDERING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV FLYGEL TIL VAKSDAL KYRKJE - VAKSDAL SOKNERÅD



**14/2023: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Bygdeutviklingsutvalet 23.05.2023**

**Behandling:**

Samrøystes vedteke

**BYG - sak 14/2023 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**15/2023: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Bygdeutviklingsutvalet 23.05.2023**

**Behandling:**

Samrøystes vedteke

**BYG - sak 15/2023 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**16/2023: NY VURDERING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV FLYGEL TIL VAKSDAL KYRKJE - VAKSDAL SOKNERÅD**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

ALTERNATIV 1:

Med bakgrunn i retningslinene for tildeling av midlar til bygdeutvikling, finn ikkje Bygdeutviklings-



utvalet grunnlag for å løyve midlar til innkjøp av flygel til Vaksdal kyrkje.

Grunngjevinga for avslaget er at soknerådet som organisasjon, ikkje i tilstrekkeleg grad, ligg innanfor målgruppa for bygdeutviklingsmidlane, og at bruken av flygelet i hovudsak vil liggje på sida av kva type tiltak midlane skal vere med å fremje.

Søknaden frå Vaksdal sokneråd om kr. 15 000,- i tilskot, vert difor avsege.

**ALTERNATIV 2:**

Med bakgrunn i retningslinene for bygdeutviklingsmidlane, løyver Bygdeutviklingsutvalet kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal sokneråd for innkjøp av flygel til bruk i Vaksdal kyrkje.

Bakgrunnen for løyvinga er at flygelet vil medverke til utvikling av musikk- og kulturlivet i bygda, og kome ålmenta til nytte.

Løyvinga utgjer 7 % av innkjøpskostnaden på kr. 216 000,-.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av betalingsoppmoding, med sluttrapport og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til 01.06.2025. Tilskotet vert trekt attende etter dette.

**Bygdeutviklingsutvalet 23.05.2023**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak alternativ 1 fekk 2 stemmer (H og AP) og falt.  
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak alternativ 2 fekk 3 stemmer (SP, KRF og SV) og vart vedteke.

**BYG - sak 16/2023 Vedtak/Tilråding:**

Med bakgrunn i retningslinene for bygdeutviklingsmidlane, løyver Bygdeutviklingsutvalet kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal sokneråd for innkjøp av flygel til bruk i Vaksdal kyrkje.

Bakgrunnen for løyvinga er at flygelet vil medverke til utvikling av musikk- og kulturlivet i bygda, og kome ålmenta til nytte.

Løyvinga utgjer 7 % av innkjøpskostnaden på kr. 216 000,-.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av betalingsoppmoding, med sluttrapport og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til 01.06.2025. Tilskotet vert trekt attende etter dette.

---



**Vaksdal kommune**





**Vaksdal kommune**

**Spørsmål:**

Arne Normann (KRF):

-Om søknad frå Røde Kors.

Utvalsleiar Edvin Hesjedal (H) svarte.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	23/1224

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
19/2023.1	Samla oversyn for løyving og tildeling av bygdeutviklingsmidlar per mars 2023
19/2023.2	Oversyn for innkome søknadar og innstilling til løyving av bygdeutviklingsmidlar, september 2023

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



---

## Notat

---

Til                   Åse Elin Myking  
Kopi til:

Saksbehandlar: Samfunnsutvikling/Tore Henrik Øye  
Vår referanse: 23/1235 - 23/10556  
Dato: 12.09.2023

---

**Emne: Samla oversyn for løyving og tildeling av bygdeutviklingsmidlar per mars 2023**

Søknadsomg.	Søkjar	Tiltak	Løyvd tilskott	Utbetalt
JUNI -20	Farfars Reklamebyrå	Turbrosjyre	15 000,-	15 000,-
HAUST -20	Stamnes Dronefoto	Filmprosjekt: Vaksdal som buplass	7 000,-	7 000,-
	Mylder Gjenbruksbutikk	Tilrettelegging, oppstart	15 000,-	15 000,-
	Stølsvegen Venelag	Restaurering, stølssti	75 000,-	75 000,-
	Vaksdal Ungdomsklubb	Datautstyr m.m.	20 000,-	19 271,-
VÅR -21	Stamnes Idrettslag	Innkjøp kajakk + kurs	15 000,-	15 000,-
	Stanghelle Kultur	Konsertar m.m	30 000,-	29 614,-
	Grendahuset Ljosheim	Reparasjon av tak	100 000,-	-
	Kero Dale AS	Rest. «Det gamle slakthuset», møterom/museum	50 000,-	50 000,-
	Stamnes Dronefoto	Nettsida om Vaksdal kommune som bustad	15 000,-	15 000,-
	Bergsdalen Bygdalag	Tretelt v/ Skarvavatnet m.fl	15 000,-	-
	Bergsdalen Ungdomslag	Vøling/vedlikehald, Fjellheim ungdomshus	50 000,-	50 000,-

	Vaksdal barne- og ungdomskorps	LAN-arrangement, Turbinen	15 000,-	15 000,-
	Vaksdal Turlag	Gapahuk, bål plass, Dalegarden	35 000,-	-
HAUST -21	Gåsedammens Venner	Benker/bord. Delutbetalingar	30 000,-	20 388,-
	Vaksdal Eldreråd	Repr. turveg Johagen	32 000,-	Omdisponert?
	Stølsvegen Venelag	Tilretteleggingstiltak ved sti	10 000,-	10 000,-
	Straume Ungdomshus	Nytt tak	50 000,-	50 000,-
	Stamnes Idrettslag	Aktivitetspark	22 000,-	-
HAUST -21	Stamnes Idrettslag	«Allaktivitetshuset»	31 500,-	31 500,-
	Eidslandet Grendalag	Div. innkjøp – aktivitetar	20 000,-	-
	Stanghelle Ungdomsklubb	Innkjøp datautstyr	14 500,-	11 907,-
VÅR -22	Grendahuset Ljosheim - husastyret	Historisk utstilling i grendahuset	20 000,-	-
	Vaksdal Underhaldningslag, «Vintertreffet»	Innkjøp av klappstolar	10 000,-	10 000,-
	Stiftinga Brørvikskuto	Restaurering Brørvikskuto	100 000,-	100 000,-
	Hesjedal Gard	Gardsleir (hund og hest)	20 000,-	20 000,-
	Bando Food Trucks AS	Festival -22, Elvebrus	75 000,-	75 000,-
Haust -22	Bergen og Hordaland Turlag	Sommarleir Agnavika, born/unge	20 000,-	20 000,-
	Eidslandet Grendalag	Arrangementet «Eidslandsviking»	15 000,-	-
	Eksingedalen Bygdaråd	Innkjøp telefonkiosk – informasjonstiltak	27 000,-	-
	Organisasjonen «Laksegiljo»	Informasjonsbrosjyre	10 000,-	10 000,-
	Stamnes Bygdelag	Stolar/bord, u-huset Frilund	10 000,-	-
	Stamnes Bygdelag	Restaurering av u-huset Frilund	50 000,-	50 000,-

	Stamnes Bygdalag	Fiskefestivalen 2022	40 000,-	40 000,-
	Stamnes Ungdomsklubb	Utandørs bordtenningsbord	18 000,-	18 000,-
	Stamnes Idrettslag	Kurs i grindverksbygging	35 000,-	31 500,-
	Stamnes Idrettslag	Innkjøp av turnutstyr	15 000,-	15 000,-
	Vaksdal Ungdomsklubb	Innkjøp av utandørs bordtennisbord	15 000,-	15 000,-
Vår -23	Vaksdal Vel	Vedlikehold av Synken	20 000,-	
	Vaksdal Underhaldningslag	Underskotsgaranti, Vintertreffet 2023	50 000,-	
	Vaksdal Sokneråd	Nytt flygel, Vaksdal kyrkje	15 000,-	15 000,-
	Stanghelle Kultur	Innkjøp av utstyr + nettside		14 038,-
	Elvebrus	Elvebrus 2023 – tilbud for ungdom	40 000,-	40 000,-
	Dale Mat- og Kulturfestival	Daledagane 2022, underskotsdekning	50 000,-	50 000,-
	Aktiviteten dagsenter	Innkjøp av strikkemaskin	0,-	0,-
	Vaksdal Hundeklubb	Kurs om hudehald	10 000,-	10 000,-
	Stamnes Bygdalag	Renovering av kjøken - Frilund	25 000,-	25 000,-
	Stamnes Bygdalag	Ny vasskjelde for Frilund	0,-	0,-
	Stamnes Bygdalag	Fiskefestivalen 2023	0,-	0,-
	Husastyret for Fagertun	Bordtennisbord	10 000,-	

### Med helsing

Tore Henrik Øye  
Rådgjevar landbruk



## Notat

Til Åse Elin Myking  
Kopi til:

Saksbehandlar: Samfunnsutvikling/Tore Henrik Øye  
Vår referanse: 23/1235 - 23/10557  
Dato: 12.09.2023

### Emne: Oversyn for innkome søknadar og innstilling til løyving av bygdeutviklingsmidlar, september 2023

Innstilling frå administrasjonen til politisk handsaming i Bygdeutviklingsutvalet, 19.09.23

Søklar	Tiltak	Budsjettert kostnad	Søknadssum	Innstilling	Løyving
Vaksdal Historielag m.fl	Skiltprosjekt	163 300,-	100 000,-	50 000,-	
Tor- Arne Helle	Landskapsrydding, Nofence	14 900,-	14 900,-	7 000,-	
Øvre Eksingedalen gr. lag	Opprusting av rasteplassar	12 400,-	12 400,-	8 000,-	
Eksingedalen Idrettslag	«Utlånsbu»	152 684,-	10 000,-	45 000,-	
Stølsvegen Venelag	Bygging av sherpa-trapper, trinn 2	2 360 000,-	150 000,-	45 000,-	
Bergsdalen bygdelag	Gapahuk i Bergsøyane	138 700,-	45 000	35 000,-	
Dale Røde Kors Hjelpekorps	Vedlikehald av Lagshuset på Dale	192 748,-	192 748? Ikkje spesifisert	40 000,-	
Stanghelle Velforeining	Opprusting av leikeplass	44 000,-	38 600,-	20 000,-	
Stamnes Bygdalag m. fl.	Stamnes fiskefestival 2023	354 000,-	40 000,-	Ingen innstilling, sjå merknad	
Vaksdal Underhaldningslag	Barne og ungdomskonsert, Vintertreffet 2024	Ikkje oppgjeve	50 000,-	Ingen innstilling, sjå merknad	
Vaksdal Underhaldningslag	Nytt betalingssystem	Ikkje oppgjeve	22 500,-	0,-	

**NB/MERKNAD:**

*Det er avsett kr 30 000,- i disponible/frie midlar; kr 15 000,- frå ordinær pott og kr. 15 000,- i restmidlar frå tidlegare søknadsrundar. Desse midlane kan nyttast/fordelast mellom søknadane om tilskot til Stamnes Fiskefestivalen i 2023 og Vintertreffet 2024., eller til andre tiltak det er søkt om tilskot til, sjå tabellen ovanfor.*

Sjå saksinnstilling per sak for vurdering og grunngjeving.

**Med helsing**

Tore Henrik Øye  
Rådgjevar landbruk



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
20/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	23/300

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL LEIKEPLASS PÅ HAUGANE, STANGHELLE

#### Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Opprusting av leikeplass og sosial møteplass Stanghelle

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stanghelle Vellag For innkjøp av nytt leikeutstyr til bruk på leikeplass ved Haugane på Stanghelle.

Tilskot vert løyvd som eit fastsett tilskotsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon (faktura, bilete m.m.).

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- til fordeling ved søknadsrunden i september 2023. Det er samla sett søkt om kring kr. 760 000,- i tilskot, fordelt på 11 søknadar.

Stanghelle Vellag søker på vegne av bustadområde på Haugane, ved Meline Heimdal Haugland, om kr. 46 100,- i tilskot for å kjøpe inn nye leikeapparat til leikeplassen på Haugane.

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket er i tråd bygdeutviklings-midlane sitt føremål om å leggje til rette for aktivitetar og opplevingar i lokalsamfunnet.



Med bakgrunn i innkome søknadar og tilgjengelege midlar, er innstillinga å løyve inntil kr. 20 000,- til innkjøp av nye leikeapparat.

### Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har lyst ut ny søknadsrunde for bygdeutviklingsmidlane, med kr. 265 000,- til rådvelde, i tillegg til restmidlar frå tidlegare tildelingar (kr. 15 000,-).

Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på om lag kr. 760 000,- (omtrentleg overslag).

Søknad frå vellaget er sendt på vegne av bebuarane på Haugane. Søknaden kom inn etter søknadsfristen den 28. august, men sidan det også er fremja søknad om tilskot ved tidlegare søknadsomgang, utan at den vart teken opp til vurdering (mangelfull informasjon), finn Kommunedirektøren grunnlag for handsaming ved denne omgangen.

Målet med bygdeutviklingsmidlane er å skape opplevingar og aktivitetar som er opne og tilgjengeleg for alle, og som skapar trivnad i bygdene. I dette høvet kan lag, organisasjonar, verksemdar og einskildpersonar søkje om tilskot til prosjekt eller gjeremål med ålmennyttig verdi.

I søknaden vert det søkt om kr. 38 600,- til opprusting av leikeplassen, tilsvarande innkjøpskostnadane. Total kostnad er sett til kr. 46 100,-, inkludert dugnadsarbeid, sjå kostnads- og finansieringsplan under:

Tekst	Kostnadar	Finansiering
Dissestativ	14 500,-	
Vippehuske	10 200,-	
Sandkasse med lokk	2 000,-	
Benk	6 900,-	
Diverse fundament	5 000,-	
Verdien av eige arbeid	7 500,-	
Tilskot frå Bygdeutviklingsutvalet		38 600,-
Dugnadsarbeid/eigeninnsats		7 500,-
SUM	46 100,-	46 100,-

Det går fram av søknaden at leikeplassen på Hugane er mykje nytta av born i bustadområdet/ nabolaget. Dagens leikeapparat er mogne for utskifting, og det vert difor lagt opp til innkjøp av nye. Leikeplassen er open for alle, og ei fornying vil gjere den meir innbydande, spanande og funksjonell, i følge søkjar, som også peikar på plassen som ein sosial møteplass.

Restaurering og vedlikehald vil bli gjort på dugnad.

For nærare informasjon om tiltaket, vert det vist til søknaden.

### Formelt grunnlag:

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

### **Vurdering og konsekvensar:**

Søknaden vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak etter gjeldande krav.

I følge bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer, skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. I dette inngår stønad til konkrete prosjekt, tiltak og aktivitetar, som gjeldande søknad høyrer inn under.

Kommunedirektøren vurderer at planane om opprusting av leikeplassen på Haugane, er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, og i kjernen av kva midlane skal leggje til rette for. Her vert det lagt ekstra vekt på at tiltaket er retta mot born.

Leikeplassen ligg på privat grunn, og er ikkje i offentleg eige.

Det kom inn mange søknadar til gjeldande søknadsomgang, med søknadsbeløp langt over midlane som Bygdeutviklingsutvalet har tilgjengeleg. Dette stiller krav til prioritering mellom søknadane.

Med bakgrunn i tiltaket sitt innhald og ei samla vurdering, går Kommunedirektøren inn for å løyve inntil kr. 20 000,- til opprusting av leikeplassen på Haugane. Dette er kr. 18 600,- mindre enn kva det vart søkt om.

Innstillinga er å gje tilskotet som eit fast beløp, utan å knyte summe opp mot ei prosentvis finansiering av «godkjent kostnad». Dette tydar at søkjar kan nytte kr. 20 000,- så langt som summen rekk, til innkjøp av leikeutstyr, med utbetaling etter kostnadsdokumentasjon.

Bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer seier at det skal takast omsyn til geografisk fordeling ved bruk av midlane, og at bygdar som ikkje har fått midlar tidlegare, skal prioriterast. I dette høvet har dei aller fleste bygdene i kommunen fått tildelingar, som regel fleire gonger, også Stanghelle. Desse vurderingane er tekne med i handsaminga av søknaden.

## Søknad om tilskot til bygdeutvikling

### Opprusting av leikeplass og sosial møteplass

#### Kva tiltaket gjeld

I Haugane på Stanghelle har me ein liten leikeplass og sosial møteplass som sårt treng «eit løft». Leikeplassen er ikkje kommunal, og vart i si tid laga på dugnad. I dag består den av eit klatrehus med rutsjebane, ei enkel zipline og ein benk. Leikeapparata og benken har over fleire år gjort sitt, og grunna tryggleik og trivsel er det behov for å skifta ut desse. Med gateadresse Haugane er me ein gjeng på om lag 16 naboar som – via Stanghelle Vellag - ønskjer å søke om tilskot til opprusting av leikeplassen.

Me søker om kr. 38 600 i tilskot til dissestativ, vippehuske, sandkasse og benk.

Det er mange barn i nabolaget vårt, og berre dei siste fire åra er det kome til rundt ni nye. I dei næraste gatene Brekkjen og Lågaskaret bur det óg mange barn, både i barnehage- og skulealder. På fritida vert skuleplassen mykje brukt som nærmiljøanlegg, men me treng ein sosial møteplass for det direkte nærmiljøet vårt. For mange år tilbake vart det laga til sosial samling ved den litle leikeplassen for alle naboane om sommaren. Dette er noko me gjerne ønskjer å lage til igjen, men sjølve plassen skulle helst vore meir innbydande enn den er i dag. Leikeplassen er open for alle. I og med at Haugane er ein blindveg kan det vera kjekt for andre innbyggjarar på Stanghelle å ha eit turmål og ta ein kikk på den fine gata vår utan å nødvendigvis ha andre ærend her.

#### Ansvarleg for tiltak, vedlikehald og dugnad

Me er om lag 16 naboar i Haugane (inkludert underteikna) som er ansvarleg for tiltaket. Alt arbeid og vedlikehald vert gjort på dugnad og med søkte midlar. Etter avtale heldt nabolaget vedlikehald på plassen kvar vår.

Det er vanskeleg å sei kor mykje arbeid det vert før førehand, men gamle apparat skal vekk, me må rydde plassen, lage fundament for nye apparat og sette opp dei nye apparata. Estimerte dugnadstimar til dette arbeidet er 30 timar (kr. 250 pr. time).

#### Kostnadsoppsett og budsjett

Utgifter	
Dissestativ	Kr. 14 500
Vippehuske kranbil	Kr. 10 200
Sandkasse med lokk	Kr. 2 000
Benk	Kr. 6.900
Diverse fundament	Kr. 5 000

Fjerne gamle apparat, rydde plass, lage fundament for nye apparat og oppsett	Kr. 7 500
<b>Sum</b>	Kr.46 100
<b>Inntekter</b>	
Tilskot til bygdeutvikling	Kr. 38 600
Eigeninnsats	Kr. 7 500
<b>Sum</b>	Kr. 46 100

Om mogleg ønskjer me å kjøpe sandkasse og benk lokalt frå AO Senteret.

Søknaden er svært enkel og det kan vera fleire punkt som ikkje er godt nok dokumentert. Me er óg klar over at søknaden dessverre kjem tre dagar etter fristen. Det vart tatt feil av fristen for søknader til ålment kulturarbeid 1. september og tilskot til bygdeutvikling 28. august.

Men! Tiltaket vert realisert dersom me er så heldige i å få støtte. Ein ny liten leikeplass vil bidra til trivsel i nærmiljø, både som møteplass i framtida og gjennom dugnadsprosessen.

Etter avtale med leiar i Stanghelle Vellag, Vegar Sellevold, søker nabolaget via vellaget. Eit eventuelt tilskot vert utbetalt til deira kontonummer: 3530 23 96033.

Ta gjerne kontakt ved spørsmål!



**På vegne av nabolaget i Haugane på Stanghelle**

Meline Heimdal Haugland, 31.08.23

Her er du nå: Klubben.no > Lek og lær > Lekeklass > Vipper > Vippehuske Kranbil



## Vippehuske Kranbil

Til skoler, lekeplasser og parker  
Varenr: 174002

**10 199,-** ink. mva.

**8 159,-** eks. mva.

Antall: (Stk):

- 1 +

LEGG I HANDLEVOGN

Bestillingsvare 25 dager (estimat)

Betal 1 800,19 kr/måned i 6 måneder med Klarna.  
[Les mer](#)

Legg i ønskeliste

Her er du nå: Klubben.no > Lek og lær > Lekeklass > Huskestativ > Huskestativ i rundstokk



BESTSELGER

## Huskestativ i rundstokk

til 2 huskeseter  
Varenr: 7007

**14 499,-** ink. mva.

**11 599,-** eks. mva.

Antall: (Stk):

- 1 +

LEGG I HANDLEVOGN

Bestillingsvare 14 dager (estimat)

Betal 2 559,17 kr/måned i 6 måneder med Klarna.  
[Les mer](#)



for de gode tilbud



www.eurotoys.net / Axi / Sandkasser / Ella Rainbow Sandbox

6 900,00 kr

LEGG I HANDLEKURV



## Ella Rainbow Sandbox

AXI Sandboxes 935995

NOK 1,873.00

Legg i handlekurven

Sendes senest innen 4 dager

Merker: **Axi**  
Kategori: **Sandkasser**  
Produkt: **AXI Sandboxes 935995**  
Alder: **2 år+**  
Sendes fra: **Holland**



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V12, FE-223	23/1116

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL RASTEPLASSAR I EKSINGEDALEN

#### Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Støtte til rasteplassbenker  
Kartplassering av benker

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 8 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Øvre Eksingedalen Grunneigarlag til opprusting av 4 rasteplassar i dalen som grunnlag for opplevingar og rekreasjon.

Tilskotet utgjer 66 % av budsjettet og godkjend kostnad på kr. 12 400,-. Løyvinga er gjort som eit «fast» eingongsbeløp.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- til fordeling ved søknadsrunden i september 2023. Samla sett er det søkt om kring kr. 760 000,- i tilskot, fordelt på 11 søknadar.

I søknad av 23.08.23 søker Øvre Eksingedalen Grunneigarlag om tilskot til vedlikehald av 4 rasteplassar i Øvre Eksingedalen, gjennom innkjøp av rasteplassbenkar.

Innkjøpet er kostnadsrekna til kr. 12 400,-. Det vert søkt om finansiering av heile beløpet.

Med bakgrunn i målsetjinga til bygdeutviklingsmidlane, søknaden sitt innhald og tilgjengelege

midlar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 8 000,- til innkjøp av fire rasteplassbenkar. Tilskotet utgjer 66 % av budsjettert kostnad, som er kr. 4 200,- mindre enn kva det er søkt om.

### **Bakgrunn for saka**

Bygdeutviklingsutvalet har lyst ut ny søknadsrunde for bygdeutviklingsmidlane, med kr. 265 000,- til rådvelde. Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på om lag kr. 760 000,-.

Målet med tilskotsordninga er å skape trivnad i bygdesamfunnet, og stimulere til aktivitetar og opplevingar som er opne og tilgjengelege for alle. I dette høvet kan lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar søkje om tilskot prosjekt eller gjeremål med ålmennyttig verdi.

I søknaden av 23.08 søkjer Øvre Eksingedalen Grunneigarlag om kr. 12 400,- i tilskot for å dekkje innkjøp av fire rasteplassbenkar, med ein kostnad på kr 3 100,- per stykk. Benkane er levert av Bergen fengsel. Det vert søkt om 100 % finansiering.

Rasteplassane er plassert langs fylkesvegen på Bergo og Nesheim, ved Trefallsstranda og på Gullbrå.

Det går fram av søknaden at føremålet med tiltaket er innby til kvile og opplevingar for både innbyggjarar og tilreisande/forbipasserande, for å strekkje på føtene og ikkje berre haste forbi. Rasteplassane har fine omgjevningar, og det er mellom anna høve til å prøve fiskelukka, leige båt og å gjere andre aktivitetar ut frå plassane.



Rasteplass ved Bergovatnet. Bilete frå [www.eksingedalen.no](http://www.eksingedalen.no)

Det er lagt ned lokal dugnadsinnsats ved opprustinga av rasteplassane. Denne er ikkje konkretisert i søknaden, men vert teken omsyn til i vurderinga.

### **Formelt grunnlag:**



- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

### **Vurdering og konsekvensar:**

Søknaden vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak etter gjeldande krav.

I følge bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer, skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. I dette inngår mellom anna tilskot til materiell, utstyr og opprusting i samband med ulike prosjekt.

Kommunedirektøren vurderer at søknaden frå Øvre Eksingedalen Grunneigarlag, fell inn under bygdeutviklingsmidlane sitt føremål. Opprustinga av rasteplassane langs fylkesvegen innbyr til å stoppe opp og å oppleve landskapet i dalen, samstundes som det er mogleg å både fiske, leige båt og gå tur ut frå dei fire plassane. Tilrettelegginga vert difor sett på som eit trivnadstiltak, der fornyinga med rasteplassbenker vil stimulere til ytterlegare bruk. Det er elles positivt at bygdefolket tek initiativ til vedlikehald når det er naudsynt.

Med bakgrunn i søknaden sitt innhald, bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer og tilgjengelege midlar, gjer Kommunedirektøren framlegg om å løyve kr. 8 000,- til vedlikehald av rasteplassane i Øvre Eksingedalen. Dette er kr. 4 400,- mindre enn kva det er søkt om, med ein finansieringsgrad på 66 %.

Utbetalinga vert knytt til faktiske kostnader ved sluttrapportering.

Bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer seier at det skal takast omsyn til geografisk finansiering ved bruk av midlane, og at bygder som ikkje har fått midlar tidlegare, skal prioriterast. I dette høvet har dei aller fleste bygdene i kommunen fått tildelingar, som regel fleire gonger, mellom anna Eksingedalen. I gjeldande søknadsomgang kom det inn tre søknadar frå dalføret, som er teke med i den samla vurderinga av innkomne søknadar.

Bygdeutviklingsutvalet

Vaksdal kommune

Dalekvam

### **Søknad om tilskudd til rasteplassbenker i Øvre Eksingedalen.**

Øvre Eksingedalen grunneigarlag satte for 10 år siden ut benker på 4 rasteplasser i øvre Eksingedalen, Bergo, Nesheim, Brakestad og Gullbrå. Disse var nå modne for utskifting, og vi kjøpte i vår inn 4 nye rasteplassbenker.

Plassene er:

1. Bergo, ved sandtaket på neset i Kvernhusviken.
2. Nesheim, ved vannet der hvor utleiebåten ligger, på Moo.
3. Trefallsstranden, på strekningen der veien ble kraftig utvidet.
4. Gullbrå, midt mellom broen og snuplassen, ved Stokkesteinen.

Formålet med benkene er å invitere forbifarende til å stoppe, strekke føttene og ikke bare haste forbi. Stedene egner seg godt for å prøve fiskelykken.


Benkene ble kjøpt hos Bergen Fengsel og kostet kr 3.100 pr stykk, dvs samlet kr 12.400.

ØEG søker herved Bygdeutviklingsutvalet om støtte til dette kjøpet.

Med vennlig hilsen

Trygve Nilsen, leiar ØEG.

Vedlagt kart med angivelse av plasseringene.





## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
22/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V12, FE-223	23/1146

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL SHERPATRAPPER I YKSENDALEN, BYGGJETRINN 2

#### Vedlegg:

Søknadsbrev BU midlar 2023  
KOSTNADSOVERSLAG STIBYGGJAREN DEL 2  
Wordkart  
Uttale trapper til Blånipa VT  
Uttale trapper til Blånipa EIL

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 45 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stølsvegen Venelag for bygging av sherpatrappar på stølsveg/sti frå Kvile til Nesheimsnipa i Yksendalen (byggjetrinn 2)

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Det er ein føresetnad at naudsynte løyve etter aktuelle regelverk er innhenta før iverksetting.

Løyvd tilskot vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon. Det kan gjevast delutbetaling på inntil 80 %.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- kr. til fordeling ved søknadsrunden i september 2023. Samla søknadsbeløp er kring kr. 760 000,-, fordelt på 11 søknadar.

I søknad av 28.08.23 søker Stølsvegen Venelag om kr. 150 000,- i bygdeutviklingsmidlar til

restaurering og utbetring av stølsveg/sti frå Kvile til Nesheimsnipa (Blånipa), ved å etablere sherpatrapper i regi av Stibbyggjaren AS . Total kostnad er budsjettert til kr. 2 360 000,-.

Søknaden utgjer byggjetrinn 2, der byggjetrinn 1, frå Yksendalen til Kvile, er gjennomført. Det vart løyvd kr. 75 000,- i bygdeutviklingsmidlar til dette byggjetrinnet.

Føremålet med tiltaket er å stimulere til ferdsle, friluftsliv og kulturformidling.

Det har skjedd ei stor auke i ferdsle etter trinn 1, og det er venta at utbetringa av stølsvegen/stien via Yksendalsstølen, fram til Nesheimsnipa, også vi føre til auke bruken i dette området.

Kommunedirektøren vurderer at restaurering av trinn 2 er i tråd med føremålet til bygdeutviklingsmidlane. Med utgangspunkt i retningslinene, innkomne søknadar og tilgjengelege midlar, vert det gjort framlegg om å løyve kr. 45 000,- til tiltaket, som eit «fast» tilskotsbeløp.

### Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har lyst ut ny søknadsrunde for Bygdeutviklingsmidlane, med kr. 265 000,- til rådvelde. Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på om lag kr. 760 000,-.

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til opplevingar og aktivitetar som er tilgjengelege for «alle», og som skapar trivnad i bygdene. I dette høvet kan lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar søkje om tilskot til prosjekt eller gjeremål med ålmennyttig føremål.

I søknaden av 28.08.23 søker Stølsvegen Venelag om kr. 150 000,- i bygdeutviklingsmidlar til restaurering og utbetring av stølsvegen/stien frå Kvile til Yksendalsstølen og Nesheimsnipa, omtalt som byggjetrinn 2. Byggjetrinnet byggjer på byggjetrinn 1, frå Yksendalen til Kvile, som er ferdiggjort.

Stølsvegen Venelag er ein friviljug organisasjon knytt til stølsvegen i Yksendalen. Laget skal arbeide for eit aktivt og naturvenleg friluftsliv, med vekt på lokal kultursoge og landskapskvalitetane, for å fremje rekreasjon og folkehelse. Ferdigstilling av byggjetrinn 1 har i dette høvet ført til auka ferdsle og bruk.

Restaureringsarbeidet skal gjennomførast av Stibbyggjaren As, ved bruk av sherpaer frå Nepal, som ved trinn 1. Kostnaden med arbeidet, inkl. mva., er budsjettert til følgjande:

· RIGG og DRIFT køyring, kost og losji, opp og nedrigging	kr 120 000,-
· HELIKOPTER TRANSPORT med tilflyging, big-bags og rundslings	kr 450 000.-
· KJØP av lokal stein 300 tonn med til køyring	kr 190 000,-
· STEINARBEID, 4 Sherpaer 1700 timer x 570.-	kr 970 000.-
· SUM KOSTNADSOVERSLAG BYGGETRINN 2 eks mva .	kr 1 730 000.
· 25% MEDVERDIAVGIFT	kr 430 000.
· <b>SUM KOSTNADSOVERSLAG BYGGETRINN 2 - 2022 - inkl. mva.</b>	<b>kr 2 160 000.-</b>

Det går fram av søknaden at grunneigar er involvert i tiltaket, og at både Øvre Eksingedalen grunneigarlag og Vaksdal turlag er positive til tilrettelegginga.

I vedtak av 29.09.20 løyvde Bygdeutviklingsutvalet kr. 75 000,- til byggjetrinn 1, med grunngeving i gjeldande retningsliner, jf. sak 20/2020.

Kommunedirektøren viser til søknaden for nærare informasjon om tiltaket (byggjetritt 2).

### **Formelt grunnlag:**

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

### **Vurdering og konsekvensar:**

Søknaden vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak etter gjeldande krav.

I følgje bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer, skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. I dette inngår mellom anna tilskot til materiell, utstyr og opprusting i samband med ulike prosjekt.

Kommunedirektøren vurderer at Stølsvegen Venelag sine planar om oppgradering av stølsvegen/stien frå Kvile til Nesheimsnipa, er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, og dei verdiane som retningslinjene skal fremje.

Tiltaket handlar om å utbetre forholda for friluftsliv, og kombinere dette med kunnskapar om natur og kulturhistorie. Tilrettelegging skapar som nemnd auka merksemd om Eksingedalen som natur- og friluftslivområdet, der stadig fleire turgåarar får del i den flotte naturen som dalføret har å by på.

Det er også eit mål om å knyte restaureringsarbeidet og tilrettelegginga til næringsutviklinga i dalen, gjennom ulike tenestetilbod, som reiseliv og liknande.

Erfaringane frå byggjetritt 1 viser at etableringa av sherpatrapper har ført til større interesse for å gå tur i området, både frå bygdefolk og tilreisande, med gode tilbakemeldingar, der den auka ferdsle er handtert på ein god måte.

Byggjetritt 2 vil gje ei ytterleg utbetring og tilrettelegging for ferdsle, der vurdering av andre verdiar knytt til naturmiljøet, skal takast omsyn til ved innhenting av naudsynte løyve frå anna lovverk.

Prosjektet er kostnadskevrande, med krav til ekstern finansiering, der bygdeutviklingsmidlane utgjer ei relevant finansieringskjelde.

Ved handsaming av gjeldande søknad er det naturleg å trekkje inn det tidlegare tilskotet frå tilskotsordninga. Her vil det vere viktig at eit evt. nytt tilskot vil gå til utvikling av tiltaket, samstundes som ein ut frå tilgjengelege midlar, vurderer verknaden av tildeling for andre søknadar/prosjekt.

Det vert som nemnd søkt om 150 000,- i tilskot, som er en liten sum i høve til total kostnad. Likevel er vurderinga at det ut frå innkomne søknadar og tilgjengelege midlar, ikkje er grunnlag for å løyve meir enn kr. 45 000,- til tiltaket. Samla tilskot frå Bygdeutviklingsutvalet vert då kr. 120 000,-.

Det tel positivt for ei løyving, at det er brei semje om tiltaket i dalføret.

Bygdeutviklingsmidlane sine retningsliner seier at det skal takast omsyn til geografisk finansiering ved bruk av midlane, og at bygder som ikkje har fått midlar tidlegare, skal prioriterast. I dette høvet har dei aller fleste bygdene i kommunen fått tildelingar, som regel fleire gonger. Eksingedalen er blant dei stadene som har fått flest løyvingar, og det kom inn 3 søknadar frå dalføret ved gjeldande søknadsomgang. Dette er teke med i vurderingane ved sakshandsaming.

Kommunedirektøren føreset at eventuelle, formelle løyve til bygging er i orden før iverksetting.

Frå Stølsvegen Venelag  
v/Britt Eide  
Yksendalsvegen 125  
5728 Eidslandet

Til Vaksdal kommune  
v/Bygdeutviklingsutvalet  
5722 Dalekvam

Yksendalen, 28. august 2023

### *Restaurering og utbetring av kulturstien frå Yksendalen via Yksendalstølen til Nesheimsnipa – byggetrinn 2*

Stølsvegen Venelag (org. nr 819407592) søker med dette om kr. 150.000,- i bygdeutviklingsmidlar til prosjektet.

Stien startar i tunet i Yksendalen (475 m.o.h.) og går bratt opp til Kvile, og deretter slakare innover til Yksendalstølen. (686 m.o.h.) Stien går vidare til Nesheimsnipa (Blånipa), som er ein varda topp på 1035 moh. Første delen av arbeidet (Yksendalen- Kvile) vart ferdigstilt i 2022. Total kostnad var 3.2 mill. Vi er svært nøgde med resultatet, og talet på turgåarar i alle aldrar har auka vesentleg. Tilbakemeldingane frå vandrarar og andre besøkjande er svært positive. Det er lagt ned fleire årsverk med frivillig og uløna arbeid i prosjektet til no.

Byggetrinn 2 gjeld strekninga Kvile-Nesheimsnipa (Blånipa). Denne strekninga er om lag 4 km lang, og tiltaket går ut på å reparere og steinsetje fire avgrensa deler av stien, i alt knapt 300 m, jfr vedlagte kart. Stien er i aktivt bruk, og det er stort behov for å utbetre og trygge desse delstrekningane. Kommunen er godt kjent med prosjektet, og har for tida søknad om byggeløyve for tiltaket til behandling. I samband med dette har både Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune gitt positiv høyringsuttale til planane.

Nesheimsnipa er eit populært turmål, og er inkludert i «Vaksdal Turlag Trimpoeng», ein trimapp der ein registrerer turmål og samlar poeng. Blånipa har vore ein av toppane i trimpoeng-konkurransen, men er no vanskeleg tilgjengeleg for «folk flest» pga eit krevjande kliv før ein kjem på toppen (sjå vedlagte uttalar frå Vaksdal Turlag og Eksingedalen Idrettslag).

Det er sherpaer frå Nepal som skal utføre arbeidet. Stibbyggjaren AS v/ Geirr Vetti er fagleg ansvarleg; Stølsvegen Venelag er prosjektansvarleg. Vi har som målsetjing å ferdigstilla arbeidet sommaren 2024.

Kostnadsoverslaget for byggetrinn 2 er 2.360.000,- Vi er komne langt med finansieringa; mellom anna har vi fått ei ny løyving frå Kulturdepartementet (spelemidlar) på 1 mill og ei raus løyving frå Olav Thon-stiftelsen. Men vi treng meir midlar for å komme i mål med finansieringa, og søker med dette om kr. 150.000 i bygdeutviklingsmidlar.

Vi vonar på positiv behandling av søknaden.

Med helsing Stølsvegen Venelag

Britt Eide, leiar



<b>Kostnadsoverslag Rehabilitering av tursti byggetrinn 2</b>	
Budsjett STIBYGGJAREN AS	2 160 000
Rekneskap, revisjon, byggemelding, skredrapport, kostn til mellomfinansiering	150 000
Dugnadsarbeid, 250 timar a kr 200	50 000
<b>Total kostnad</b>	<b>2 360 000</b>

Vedlegg:

- Sluttrapport byggetrinn 1
- Kostnadsoverslag frå Stibbyggjaren AS (byggetrinn 2)
- Kart
- Lenker til omtale og turtips (Bergen og Hordaland Turlag, Nordhordland Turlag)
- Uttalar frå Eksingedalen Idrettslag og Vaksdal Turlag

STIBYGGJAREN as  
MØRKRIDSVEGEN 421  
6876 SKJOLDEN

org. nr. 999 657 095

28 september 2021

STØLVEGEN VENELAG  
ved BRITT I. EIDE  
YKSENDALEN

RESTAURERING AV DEN GAMLE STØLSVEGEN FRA  
KVILE OM STØLSVOLLEN TIL BLÅNIPA  
BYGGETRIN 2 i 2022

Viser til befaring og møter. I byggetrinn 2 starter den gamle stien fra Kvile 650 m.o.h. og går ganske flatt innover mot Yksendalstølen, her trengs omfattende restaurering av stien og nye vannrenner og stikkrenner. Her passerer man en gammel demning ved Skogalivatnet som trenger mye restaurering.

Videre fra demningen går det flatt innover mot stølsvollen på Yksendalstølen. Her er det en del restaureringsarbeid og drenering av vann og noe trappebygging opp mot stølen.

Videre fra stølen går stien bratt opp gjennom Tausabrekko og videre gjennom deler av Giljastrupen. Her trengs det omfattende restaurering og mye trappebygging. Det er videre viktig å få kontroll på vannet så ikke stien blir en bekk. Videre herfra går stien opp mot Blånipa. Byggetrinn 2 er et omfattende prosjekt som vil gjøre stien tilgjengelig for veldig mange, og vil løse mange av de utfordringene og manglende vedlikehold stien har i dag. Det viktigste er å få kontroll på vannet og bygge og restaurere trapper i svært bratt terreng, og å restaurere demningen.

KOSTNADSOVERSLAG BYGGETRIN 2 - FRA KVILE TIL BLÅNIPA

RIGG og DRIFT kjøring, kost og losji, opp og nedrigging.....	kr	120 000.-
HELIKOPTER TRANSPORT med tilflyging, big-bags og rundslings .....	kr	450 000.-
KJØP av lokal stein 300 tonn med til kjøring .....	kr	190 000.-
STEIN ARBEID 4 Sherpaer 1700 timer x 570.- .....	kr	970 000.-

SUM KOSTNADSOVERSLAG BYGGETRINN 2 eks mva .....	kr	1 730 000.-
25% MEDVERDIAVGIFT .....	kr	430 000.-

SUM KOSTNADSOVERSLAG BYGGETRINN 2 - 2022 - inkl. mva.....	kr	2 160 000.-
---	----	-------------

STIBYGGJAREN AS  
Geirr Vetti  
sign





31.01.2023  
Målestokk 1:8000  
Vaksdal kommune

topp/vei

Dalen

Knausane

m steinsettes

120

Nesheims-

m steinsettes

Giljøne

nipa

110

Yksendalstølen

m steinsettes

50

Berget

Kvitafjellet

Høneberget

Demning

Kalle

RESTAURERING OG BEVARING AV STIEN FRÅ YKSENDALEN TIL  
YKSENDALSTØLEN OG NESHEIMSNIPA I EKSINGEDALEN  
– Byggjetrinn 2

**Trasé med markert de tre strekningene som søkes steinsatt.**

Dato: 01.02.2023

Kart med inntegnet trasé og markeringer er levert av kommunen i samråd med og etter anvisning fra prosjektet. Målsetting på de tre strekningene er tatt ut fra kartutsnitt i mål 1:2000.

Yksendalen

Yksendalen

Berga

Til Stølsvegen Venelag

Uttale i samband med planar om bygging av trapper på stien til Blånipa

Vaksdal Turlag er positive til planar om trapper i oppstiginga mot Blånipa i Eksingedalen.

Vaksdal Turlag har i fleire år gjennomført «Vaksdal Turlag Trimpoeng», ein trimapp der ein registrerer turmål og samlar poeng. Blånipa har vore ein av toppane i trimpoeng-konkurransen. Dei første åra var det mange som strevde med å finna fram hit, og Turlaget utfordra difor grunneigarar til å rydda og merka stien. Framleis kan det vera utfordrande å finna rett sti opp det krevjande stykket, der det er bratt og luftig.

Vaksdal Turlag har også gjennomført fellesturen «Til topps på Blånipa». Det var denne dagen ekstra utfordrande med vått terreng og skodde på toppen. Den bratte stigninga, der trappene er planlagt, vart av nokre opplevd utrygg.

Ei utbetring er nødvendig – og gode steintrapper ville vore fantastisk her!

Vaksdal 27.02.2023

Elizabeth Gjessing,  
leiar i Vaksdal Turlag

Til Stølsvegen Venelag

### Uttale i samband med planar om bygging av trapper på stien til Blånipa

Eksingedalen IL synes at planar om trapper i oppstiging mot Blånipa er svært positivt. Blånipa, 1035 moh, er ein av dei majestetiske toppane i Eksingedalen, der det den store varden markerer grensemøte mellom gardane Nesheim, Bergo og Yksendalen.

Det går fleire stiar til Blånipa. Frå Brakestadstølen kan ein gå opp på Blånipa på sida mot Brakestad, via Demmefjellet og toppane oppover. Denne stien er noko bratt, og umerkt. Om ein går frå Nesheim, Bergo, Bindingsbø eller Yksendalen møtest stiane, og alle går opp same stad, der det no er plan om å byggja trapper.

Det er merkt sti frå Bindingsbø og Bergo. Stien opp frå Bergo vart rydda og merkt av grunneigarar fordi fleire nettopp strevde med å finna fram til Blånipa. Denne stien går opp til Mjelkeklassen, deretter oppover til Seterhaugen, før den møter merkt sti frå Bindingsbø ved osen av Breibekktjørna og heldt fram oppover i opnare terreng. Små vegvisarar viser vegen vidare, og stien koblar seg saman med stien som kjem frå Yksendalen. Denne stien vert no mykje brukt.

For å komma til topps må alle gå det krevjande partiet der det no er planlagt trapper. Slik det er no, er det bratt og ulendt. Med fleire og fleire som går her, er det fare for at jord, grus og sti glir ut. Steinar kan losna og ta med seg massar. Det er lite å halda seg fast i, oppstiging er «luftig» - og det vert av mange opplevd som uttrygt. Trapper vil gjera det trygt, og i tillegg vera eit spennande innslag som vil trekkja folk ut på tur! Å gå på tur i fine fjell er godt for folkehelsa!

Idrettslaget gjennomfører motbakkeløpet «Gygrakjeften opp» kvar haust. Dette er første del av stien både mot Yksendalstølen og mot til Blånipa frå Bergo-sida. Dette løpet endar på Mjelkeklassen. Her har også idrettslaget ein trimpost. Fleire og fleire nyttar seg av denne stien, også for å nå trimposten på Yksendalsstølen og for å gå toppturen til Blånipa. Idrettslaget ryddar og merker opp til Mjelkeklassen vår og haust.

Eksingedalen 14.03.2023

For styret i Eksingedalen IL,

Anna Sveinungsdotter Bergo



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
23/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V12, FE-223	23/1131

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMILDAR TIL OPPFØRING AV UTLÅNSBU PÅ BERGO

#### Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar Eksingedalen IL

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 45 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Eksingedalen Idrettslag til oppføring av «utlånsbu» på Bergo for utlån av idretts- og turutstyr.

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

I søknad av 27.08.23 søker Eksingedalen Idrettslag om kr. 100 000,- i bygdeutviklingsmidlar til oppsetjing av ei «utlånsbu» på Bergo. Føremålet er at det skal vere lett å låne idretts-/turutstyr for dei som treng det.

Tiltaket er kostnadsrekna til 101 684,- inkl. mva. I tillegg kjem verdien av eige arbeid, budsjettert til kr. 51 000,- (170 timar). Samla kostnad vert soleis kr. 152 684,-.

Med bakgrunn i målsetjinga til bygdeutviklingsmidlane, med retningsliner, tiltaket sitt føremål og tilgjengelege tilskotsmidlar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 45 000,- til oppføring av

«utlånsbu».

### Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har lyst ut ny søknadsrunde for bygdeutviklingsmidlane, med kr. 265 000,- til rådvelde. Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på om lag kr. 760 000,-.

Målet med tilskotsordninga er å skape trivsel og stimulere til aktivitet som er ope og tilgjengeleg for alle. I dette høvet kan lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar søkje om tilskot prosjekt eller gjeremål med ålmennyttig verdi.

I søknaden frå Eksingdalen Idrettslag vert det søkt om kr 100 000,- til oppføring av «utlånsbu» på Bergo, med plassering på fotballbana, like ved Eksingedalen Oppveksttun.

Føremålet med bua er å låne ut idrettsutstyr, i første omgang skiutstyr for langrenn, tur og alpint, til interesserte. Utlånet skal vere gratis og lett tilgjengeleg. Søkjar trekk i dette høve fram at utlånet vil vere både berekraftig og økonomisk, spesielt med tanke på born som veks fort, og stadig vil ha behov for nytt utsyr. Det er elles stor interesse for turar og friluftsliv i Eksingedalen, med påfølgjande behov for slike utlån, i følgje søknaden.

«Utlånsbua» vil bli bygd og drive på dugnad av medlemmar i idrettslaget. Utstyret som skal lånast ut, vil i hovudsak bli samla inn frå dalen, men det kan også bli aktuelt å samarbeide med Bua på Dale om utlån, går det fram av søknaden.

Innkjøp av byggjemateriell og verdien av dugnadsarbeid (eigeninnsats) er budsjettert til kr. 152 684,-, på bakgrunn av følgjande oppsett:

Budsjett inkl. mva	
Materialkostnader	61 684,- (sjå vedlagt faktura)
Torv til taket	25 000,-
Innredning inkl. måling innvendig	15 000,-
<b>SUM</b>	<b>101 684,-</b>
<b>DUGNADSTIMAR (a 300,-)</b>	
Brukt	115 timar
Timar som gjenstår	55 timar
<b>Sum dugnadstimar:</b>	<b>170 timar (51000,-)</b>

Nærar informasjon går fram av søknaden.

### Formelt grunnlag:

- «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og->



## Vurdering og konsekvensar:

Søknaden vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak etter gjeldande krav.

I følgje bygdeutviklingsmidlane sin retningsliner, skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. I dette inngår mellom anna stønad til prosjekt/tiltak/aktivitet, som gjeldande søknad kan høyre inn under.

Kommunedirektøren vurderer at idrettslaget sine planar om å setje opp «utlånsbu» er i samsvar med

bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, og dei verdiane som midlane skal fremje. Tiltaket er eit lågterskeltilbod som når breitt, med sosial profil. Tiltaket er inkluderande og legg til rette for fysisk aktivitet og friluftsliv. Samstundes fremjar initiativet samarbeid og lokal dugnadsånd, for å skape aktivitetar, opplevingar og trivnad lokalt.

I søknaden vert det søkt om midlar til oppføring av sjølv bygget, og ikkje til utsyr. Dette fører ikkje til aktivitet i seg sjølv, men vil leggje til rette for utøvande verksemd, ved at det «eine fører til det andre». I dette høvet skil søknaden seg frå søknadar om vedlikehald til lagshus, som det har vore drøftinga om når det gjeld tildeling av midlar.

Kostnaden med innkjøp av byggjemateriell er budsjettert til kr. 101 684,-, inkl. mva, medan det vert søkt om kr. 100 000,- i tilskot. Dette utgjer i stor grad heile kostnaden med materialinnkjøp. Det vil i dette høvet vere naudsynt å vurdere storleiken på eit tilskot, opp mot innkome søknadar, samla søknadsbeløp og tilgjengelege midlar, som er knappe, samanlikna med behovet. Kommunedirektøren går difor inn for kr. 45 000,- i stønadssum, som utgjer 44 % av innkjøpskostnadane. Ved å inkludere verdien av dugnadsarbeidet, vil tilskotet utgjere 29 %.

Kommunedirektøren vil peike på den dugnadsinnsatsen som vert lagt ned, men finn likevel ikkje grunnlag for høgare løyving enn kr. 45 000 i tilskot, ut frå ei samla vurdering.

Bygdeutviklingsmidlane sine retningsliner seier at det skal takast omsyn til geografisk finansiering ved bruk av midlane, og at bygder som ikkje har fått midlar tidlegare, skal prioriterast. I dette høvet har alle bygdene i kommunen fått tildelingar, som regel fleire gonger. Eksingedalen er blant dei stadene som har fått flest tildelingar, og ved gjeldande søknadsomgang, er det kom inn 3 søknadar frå dalføret. Dette er teke med i vurderingane ved sakshandsaming.

Kommunedirektøren føreset at eventuelle, formell tilhøve ved bygging, er i orden før iverksetting.

Frå Eksingedalen Idrettslag  
v/leiar Anna Sveinungsdotter Bergo  
5728 Eidslandet

Til Vaksdal kommune  
Søknad bygdeutviklingsutvalet  
5722 Dalekvam

Eksingedalen 27.08.2023

### **Søknad om midlar til oppsetjing av utlånsbu på Bergo i Eksingedalen**

Eksingedalen Idrettslag (org.nr 993921742) søker med dette Vaksdal kommune om kr 100 000,- i bygdeutviklingsmidlar til oppsetjing av utlånsbu på Bergo.

**Om prosjektet:** Eksingedalen idrettslag ynskjer å setja opp ei utlånsbu på Bergo der det skal vera lett å låna idrett/tur-utstyr for dei som treng det. I første omgang er det tenkt at utlånsbua skal innehalde skiutstyr (langrenn, slalåm, fjellski) med ski, sko og stavar, skøyter og fotballsko. Det skal vera gratis å låna og lett tilgjengeleg. Born og unge veks fort og rekk ikkje bruka skiutstyr lenge før sko er for små og ski for korte. Å kunne ha mogelegheita til å låna utstyr for ein dag eller ein periode er berekraftig og økonomisk. Det er viktig å ha slike tilbod i Eksingedalen. Utlånsbua vert bygd inne på fotballbana på Bergo, like ved Eksingedalen Oppveksttun.

Eksingedalen IL har ansvar for bygget og for å drifte det. Idrettslaget og Eksingedalen Oppveksttun planlegg å samarbeide om vedlikehald av utstyret då valfag på ungdomsskulen (innsats for andre og friluftsliv) kan vera med på 1-2 dagar i året på vedlikehald av utstyr som t.d. fikse skolisser, smøre sko, glide ski osv. Ungdomsskulen har hatt ein kunst – og handverksdag på utlånsbua der dei spikra tak.

Utlånsbua vert bygd på dugnad av medlemmar i idrettslaget. Bygginga av utlånsbua starta i vinter, og me er godt i gang med arbeidet. Til no er det lagt ned 115 timar på bygget. Det er planlagt ferdigstilling av bygget i løpet av hausten 2023, slik at det kan samlast inn utstyr før vintersesongen set i gang. Utstyret skal i hovudsak samlast inn i bygda, og idrettslaget planlegg å oppfordra til å rydda loft og kjellar for utstyr som er fint og godt, men i lite bruk.

Ei utlånsbu i Eksingedalen er berekraftig og inkluderande. Det bidreg til at alle kan nytta godt av all den fine snøen me er omgitt av om vinteren. Om


somrane er det mykje aktivitet på fotballbana, der ungdommar frå dalen som er heime samlar seg og spelar, då er det kjekt å kunna stikka innom å låna seg eit par fotballske.

Idrettslaget har vore i kontakt med Trond Olav Magnussen som har antyda at det går an for idrettslaget å oppretta eit samarbeid med BUA i Vaksdal for å låna utstyr frå BUA hit. For foreldre i Eksingedalen er det langt å reisa til Dale for å låna utstyr.

### **Budsjett og eigeninnsats:**

Budsjett inkl. mva	
Materialkostnader	61 684,- (sjå vedlagt faktura)
Torv til taket	25 000,-
Innredning inkl. måling innvendig	15 000,-
<b>SUM</b>	<b>101 684,-</b>
<b>DUGNADSTIMAR (a 300,-)</b>	
Brukt	115 timar
Timar som gjenstår	55 timar
<b>Sum dugnadstimar:</b>	<b>170 timar (51000,-)</b>

# Bilete frå dugnad





## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
24/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V12, FE-223	23/1145

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GAPAHUK I BERGSØYANE

#### Vedlegg:

Budsjett gapahuk (version 1).xlsb  
Søknad Bygdeutvikling

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 35 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Bergsdalen Bygdelaug for bygging av gapahuk i Bergsøyane i Bergsdalen til friluftslivsføremål.

Tilskotet utgjer 25 % av budsjettert kostnad på kr. 138 700,-, inkludert verdien av dugnadsarbeid.

Tilskotet vert betalt ut som eit «fast» eingongsbeløp etter dokumenterte kostnadar.

Det er eit vilkår at samtykke frå grunneigar er innhenta, og at eventuelle, naudsynte løyve etter aktuelle lovverk, er gjevne før tiltaket vert starta opp.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon (faktura, bilete m.m.). Det skal førast timelister per dag for eige arbeid.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025. Det kan søkjast om utsett arbeidsfrist.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- kr. til fordeling ved søknadsrunden i september 2023. Det er søkt om kr. 760 000,- ved gjeldande søknadsomgang, fordelt på 11 søknadar.

I søknad av 28.08.23 søker Bergsdalen Bygdelaug om kr. 50 000,- i tilskot til oppføring av gapahuk i Bergsdalen for friluftslivsføremål. Total kostnad er budsjettert til kr. 138 700,-, inkludert eigeninnsats (dugnadsarbeid). Faktiske kostnad er sett til kr. 108 700,-.

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket si tilrettelegging for friluftsliv, er i tråd bygdeutviklingsmidlane sitt føremål.

Med bakgrunn i innkomne søknadar og tilgjengelege midlar, er innstillinga å løyve inntil kr. 35 000,- til tiltaket. Tilskotet vil i dette høvet utgjere høvesvis 25 % og 32 % av samla og faktisk kostnad.

### Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har lyst ut ny søknadsrunde for Bygdeutviklingsmidlane, med kr. 265 000,- til rådvelde. Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på om lag kr. 760 000,-.

Målet med bygdeutviklingsmidlane er å leggje til rette for opplevingar og aktivitetar som er opne og tilgjengeleg for alle, og som skapar trivnad i bygdene. I dette høvet kan lag, organisasjonar, verksemdar og einskildpersonar søkje om tilskot til prosjekt eller gjeremål med ålmennyttig verdi.

I sin søknad av 28.08.23, søker Bergsdalen Bygdelag om kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å byggje gapahuk i Bergsøyane i Bergsdalen. Føremålet med tiltaket er å leggje til rette for eit lågterskeltilbod for friluftsliv, spesielt retta mot born og personar med nedsett funksjonsevne. Gapahuken vil ha lett tilkomst, og skal kunne nyttast heile året.

Gapahuken si planlagde plassering gjer det mogleg med ulike aktivitetar like ved, som fiske i Bergsdalselva, samt bruk av akebakke og skiturar i skiløyper, vintertid. Det vil også bli etablert bål plass, saman med utlån av kanoar på sikt. Søklar nemner i dette høvet at gapahuken vil vere med å utvikle Bergsdalen som turmål, og være eit tilskot til turmoglegheitene som er i dalen frå før.

Gapahuken skal setjast opp som byggjesett. Kostnads- og finansieringsplanen med tiltaket inkl. mva, er oppgjeve til følgjande:

Tekst	Kostnad (kr.)	Finansiering (kr.)
Grunnarbeid	25 000,-	
Byggjesett, gapahuk	72 000,-	
Innkjøp av benkar	4 700,-	
Diverse	7 000,-	
Verdien av eigeninnsats	30 000,-	
Tilskot Bygdeutvikling		50 000,-
Tilskot Eldsjelfondet		50 000,-
Eigeninnsats (dugnad)		30 000,-
Eigne midlar		8 700,-
<b>SUM</b>	<b>138 700,-</b>	<b>138 700,-</b>

Søklar opplyser at grunneigar har gjeve løyve til tiltaket.

Det vert vist til søknaden for nærare informasjon om tiltaket.

### Formelt grunnlag:

- «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

### **Vurdering og konsekvensar:**

Søknaden vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak etter gjeldande krav.

I følge bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer, skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. I dette inngår stønad til konkrete prosjekt, tiltak og aktivitetar, som gjeldande søknad høyrer inn under.

Kommunedirektøren vurderer at planane om å setje opp gapahuk for bruk til friluftsliv, er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, og i kjernen av kva midlane skal leggje til rette for. Gapahuken gjev i dette høve eit lett tilgjengelege og enkelt, tilrettelagt tilbod for opphald og aktivitetar i naturen. Tilbodet bør ha brei appell, med tilpassa bruk. Kommunedirektøren vil også trekkje fram initiativet for å skape eit lågterskeltilbod for opphald i naturen, med variasjon i tilrettelegginga og opplevingstilbodet i dalføret. Det vil difor vere grunnlag for å tildele midlar til tiltaket.

Ei tildeling av tilskot må sjåast i samanheng med andre, innkomne søknadar og tilgjengelege midlar til disposisjon. Etter ei vurdering går difor Kommunedirektøren inn for å løyve inntil kr. 35 000,- til tiltaket, som er kr. 15 000,- mindre enn kva det vert søkt om. Tildelinga vil utgjere 25 % av budsjettet kostnad, inkludert dugnadarbeid, og 32 % av planlagde innkjøpskostnadar.

Bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer seier at det skal takast omsyn til geografisk fordeling ved bruk av midlane, og at bygder som ikkje har fått midlar tidlegare, skal prioriterast. I dette høvet har dei aller fleste bygdene i kommunen fått tildelingar, som regel fleire gonger, også Bergsdalen. Desse vurderingane er tekne med i handsaminga av søknaden.

Søklar sin søknad om tilskot frå Eldsjelfondet, påverkar ikkje tilskotet frå Bygdeutviklingsutvalet, etter Kommunedirektøren si vurdering.

# Budsjett Gapahuk

## Utgifter

Grunnarbeid	25000
Byggesett gapahuk	72000
Benkar	4700
Frakt	
Eigeninnsats (300 kr x 100)	30000
Diverse	7000
<b>Sum Utgifter</b>	<b>138700</b>

## Tilskot

Bygdeutvikling	50000
Ildskjelfondet	50000
Eigeninnsats	30000
Eigne midlar	8700
<b>Totalkostnad</b>	<b>138700</b>



# Bergsdalen Bygdelag

Bergsdalen Bygdelag v/Anne Hilde F. Osvold  
Bergsdalsvegen 563  
Ahfo69mail.com

Org.nr .923 640 231

## Bygdeutviklingsutvalet

Vaksdal kommune

28.08.23

## Søknad

Bergsdalen bygdelag søker med dette om kr 45 000,- i tilskot til bygging av Gapahuk i Bergsøyane i Bergsdalen.

Bergsdalen har i dag mange turruter og stiar for dei som enkelt kan ta seg fram i fjellet. For alle andre er tilbudet magert. Vi ynskjer å laga eit lavterskeltilbud for folk i alle aldrar, med fokus på born og personar med funksjonsnedsettelse. Dette skal vere ein plass der alle har mogelegheit til å ta seg fram, uansett fysisk form. Det er frå før bygd veg langs elva, så det vert ein relativt kort og flat spasertur frå hovedvegen.

Gapahuken er tenkt brukt heile året: her er tilrettelagt for fiske om sommaren, det er akebakke og oppkjørt skiløype om vinteren. Her kan ein vera i ly for vør og vind om ein ynskjer det. Vi har tidlegare plassert ut rastebenkar i området, og skal utvide med bål plass når gapahuken er på plass. På sikt vil vi sette ut kanoar som folk kan låne.

Vi ser for oss at dette er med på å utvikle Bergsdalen som turmål, og være eit tilskot til dei turmuligheiter som er i dalen frå før.

Gapahuken skal byggast på dugnad, den skal være solid og tåle store snømengder. Bygdelaget skal sjølvstgå stå for nødvendig vedlikehald framover.

Avtale med grunneigar er innhenta og kan ettersendast ved spørsmål om dette.

Helsing Bergsdalen bygdelag  
v/Anne Hilde F. Osvold



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
25/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V12, FE-223	23/1031

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL SKILTING AV BYGNINGAR PÅ DALE

#### Vedlegg:

søknad skilting 23-08-02.pdf

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Dale sentrumsforeining og Vaksdal historielag for å setje opp namne- og informasjonsskilt på utvald bygningar med kultur- og lokalhistorisk verdi på Dale

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Det vert føresett at huseigarane har gjeve løyve til å setje opp skilt.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- til fordeling ved søknadsrunden i september 2023. Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum kring kr 760 000,-.

I søknad av 02.08.23 søker Dale sentrumsforeining og Vaksdal historielag om kr. 100 000,- i bygdeutviklingsmidlar til skilting av bygningar med kultur- og lokalhistorisk verdi på Dale (16 i talet).

Kostnaden med skilting er budsjettert til kr. 486 900,-. I dette inngår innhenting av informasjon, tekstutforming, skiltkostnader, oppsetjing av skilt og verdien av dugnadsarbeid.

Med bakgrunn i målsetjinga til bygdeutviklingsmidlane, søknad sitt innhald og tilgjengelege midlar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 50 000,- til tiltaket («fast» stønadsbeløp). Grunngevinga tek utgangspunkt i lokal kulturhistorie og kunnskapsformidling.

#### **Bakgrunn for saka**

Bygdeutviklingsutvalet har lyst ut ny søknadsrunde for Bygdeutviklingsmidlane, med kr. 265 000,- til rådvelde. Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på kr. om lag kr. 760 000,-.

Målet med tilskotsordninga er stimulere til aktivitetar og opplevingar som fremjar involvering og trivnad i lokalsamfunnet. I dette høvet kan lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar søkje om tilskot prosjekt eller gjeremål med ålmennyttig verdi.

I sin søknad av 02.08.23 søker Dale sentrumsforeining og Vaksdal historielag si arbeidsgruppa for skilting av bygningar med kultur- og lokalhistorisk verdi på Dale, om kr. 100 000,- i tilskot til å setje opp skilt på utvalde bygningar i bygda. I dette høvet er det lagt fram følgjande kostnads- og finansieringsplan:

Budsjett		Sum
<b>Innhenting av informasjon og tekstutforming</b>	+ kr	17 500
<b>Skiltkostnad med skruar</b>	+ kr	139 200
<b>Oppsetjing</b>	+ kr	5 600
<b>Sum kostnad</b>	= kr	162 300
<b>Dugnadsinnsats</b>	- kr	23 100
<b>Udekka finansieringsbehov</b>	= kr	139 200

Skiltprosjektet tek utgangspunkt i at Dale har ei interessant lokalhistorie, utsprungen frå tidlegare industrireiseing i landet, der den mest synlege delen er knytt til bygningane. I denne samanheng meiner søkjar det er viktig å ta vare på og formidle kulturhistoria til innbyggjarar og besøkjande. Det er difor starta eit initiativ for å setje opp skilt på 16 bygningar, med kort informasjon om bygningane sin bakgrunn og funksjon, for å gje eit lite innblikk «tilbake i tid».

Søkjar skal innhente løyve frå huseigarane og delta med eigenfinansiering.

Det vert vist til søknaden for nærare informasjon om tiltaket.

#### **Formelt grunnlag:**

- «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

#### **Vurdering og konsekvensar:**

Søknaden vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak etter gjeldande

krav.

I følge bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. I dette inngår mellom anna tilskot til materiell og utstyr ved gjennomføring av ulike gjeremål og prosjekt.

Kommunedirektøren vurderer at sentrumsforeininga og historielaget sitt prosjekt om skilting av kulturhistoriske bygningar på Dale, fell inn under bygdeutviklingsmidlane sitt føremål.

Prosjektet handlar ikkje direkte om aktivitetar og opplevinga, men å leggje til rette for dette gjennom

informasjons- og kulturformidling i det offentlege rom, tilgjengeleg for «alle». Tiltaket vil på denne måten opplyse om lokal bygningshistorie, som kan vere lite kjend for mange som ferdast på Dale. Dette kan soleis auke medvitet kring kva vi har rundt oss, og gjerne auke interessa for å vite meir. I tillegg kan skiltinga leggje til rett for organisert kulturformidling for innbyggjarar og tilreisande, om dette er av interesse.

Kommunedirektøren vel også å sjå planlagt skilting i samanheng med «Liv og lyst»-prosjektet på Dale,

med mål om å skape aktivitet, oppleving og bu-lyst

Ut frå søknaden sitt innhald, bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer gjer Kommunedirektøren framlegg om å løyve kr. 50 000,- til planlagt skiltprosjekt. Dette er gjort med bakgrunn i innkomne søknadar, totalt søknadsbeløp, og tilgjengelege midlar. I dette høvet har det vore naudsynt å gjere prioriteringar ut frå ei samla vurdering.

Tilskotet er kr. 50 000,- mindre enn kva det er søkt om.

Innstillinga er å løyve tilskotet som ein fast tilskotssum, uavhengig prosentvis finansiering av total kostnad. Soleis vert ikkje tilskotet bunde opp mot at alle investeringsplanar må gjennomførast, men heller ei gjennomføring i høve til tilgjengelege midlar.

Bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer seier at det skal takast omsyn til geografisk fordeling ved bruk av midlane, og at bygder som ikkje har fått midlar tidlegare, skal prioriterast. Her har dei fleste bygdene i kommunen fått tildeling, som regel fleire gonger, også Dale. Dette omsynet er teke med i vurderinga av søknaden.

Bygdeutviklingsutvalget

Vaksdal kommune

5722 Dalekvam

### **Søknad om støtte til skilting av bygningar på Dale med kultur- og lokalhistorisk verdi**

Dale har ei interessant historie som lokalsamfunn utsprungen av den tidlege industrireisinga i landet. Dette er det er viktig å ta vare på og formidla til den oppveksande slekta og til besøkjande. Den mest synlege delen av historia er dei fysiske bygningane.

Dale sentrumsforening og Vaksdal historielag har difor starta eit initiativ der me ynskjer å setja opp skilt på ein del bygningar med kort informasjon om bygningane sin bakgrunn og funksjon. Dette vert ei form for kulturhistorie i kortform.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som har valt ut ein del sentrale bygningar – 16 i talet.

Arbeidsgruppa har valt ut følgjande bygningar

- Dale Handelsforening
- Arbeidarbustadane
- Peratrappå
- Dale Forsamlingshus
- Dale kyrkje
- Paviljongen
- Heradshuset
- Dalehallen
- Vikahuset/Fyrarhuset
- Vatilehuset
- Petersen Handleri AS
- Gamlebanken
- Jepsahuset
- Stasjonen
- Kraftstasjonen på Dale
- Dale Fabrikker AS

Arbeidsgruppa har utforma kortfatta informasjon om bygningane ovanfor og vil innhenta løyve frå eigarane til å setja opp skilta.

Slike plakettar eller skilt kan ein sjå mange stader rundt om i landet ([www.blaaskilt.no](http://www.blaaskilt.no)). Dei første vart sett opp i Oslo i 1990, og sidan har dei spreidd seg over heile landet. Arbeidsgruppa ser føre seg at desse skilta ville passa fint inn i vårt eige lokalmiljø. Sjå vedlagte døme.

Kvart skilt er 46,5 cm x 48,8 cm og kostar 8625 kr. I prisen inngår i tillegg til sjølve produksjonen, hjelp til tekstutforming og redigering, utforming av skiltutkast, administrasjon samt frakt.

Det vert opplyst at den tekniske kvaliteten på skilta er høg. Dei er pressa i jarn og vert brende i fleire prosessar med koboltblå og kvit emalje. Slike skilt har stor slitasjevne under alle vertilhøve så lenge emaljen er uskadd.

Arbeidet skjer på dugnad, men sjølvve kostnadane til dei fysiske skilta treng me hjelp til å finansiera.

Me har sett opp følgjande budsjett.

Budsjett		Sum
<b>Innhenting av informasjon og tekstutforming</b>	+ kr	17 500
<b>Skiltkostnad med skruar</b>	+ kr	139 200
<b>Oppsetjing</b>	+ kr	5 600
<b>Sum kostnad</b>	= kr	162 300
<b>Dugnadsinnsats</b>	- kr	23 100
<b>Udekket finansieringsbehov</b>	= kr	139 200

Me legg til grunn at Vaksdal historielag og Dale sentrumsforening vil bidra med støtte, men dette vil ikkje vera nok til å realisera prosjektet. Me søker difor Vaksdal kommune v/Bygdeutviklingsutvalet om eit bidrag på 100 000 kr.

Beste helsing

Arbeidsgruppa for skilting av hus på Dale

Sigmund Simmenes

Terje Geithus

Bodhild Laastad

Døme på blå skilt





## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
26/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V12, FE-223	23/781

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VEDLIKEHALD AV KORPSHUSET PÅ DALE

#### Vedlegg:

Søknad Bygdeutviklingsutval - Korpshuset Dale Røde Kors

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 40 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Dale Røde Kors Hjelpekorps til planlagt vedlikehald av Korpshuset på Dale.

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- kr. til fordeling ved søknadsrunden i september 2023. Det kom inn 11 søknadar, med ei samla søknadsbeløp på kring kr. 760 000,-.

I søknad av 10.05.23 søker Dale Røde Kors Hjelpekorps om tilskot til vedlikehald av Korpshuset på Dale (ikkje spesifisert søknadssum).

Kostnaden med vedlikehaldet er budsjettert til kr. 192 748,- inkl. mva. I dette inngår kjøp av garasjeportar, vindauge, ytterdør og listverk m.m.

Med bakgrunn i målsetjinga til bygdeutviklingsmidlane, hjelpekorpsset sin aktivitet og tilgjengelege



midlar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 40 000,- til tiltaket, som eit fast eingongsbeløp. Dette utgjør 21 % av budsjettert kostnad.

### Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har lyst ut ny søknadsrunde for Bygdeutviklingsmidlane, med kr. 265 000,- til rådvelde. Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på om lag kr. 760 000,-.

Målet med tilskotsordninga er å skape trivnad i lokalsamfunnet, og å stimulere til aktivitet som er open og tilgjengeleg for alle. I dette høvet kan lag, organisasjonar, verksemdar og einskildpersonar søkje om tilskot til prosjekt eller gjeremål med ålmennyttig verdi.

I søknaden av 10.05.23 søker Dale Røde Kors Hjelpekorps om bygdeutviklingsmidlar til vedlikehald av Korpshuset på Dale, med bakgrunn i følgjande kostnadsoverslag:

2 stk Garasjeporter	-	Kr 79750,- inkl. mva
Montering av garasjeportene		Kr 37500,- inkl. mva
7 stk nye Lyssands 3 lags vindauger		Kr 59310,- inkl. mva
1 stk Ny ytterdør		Kr 6188,- inkl. mva
Estimert for listverk og foringer ca.		Kr 10000,- Inkl. mva.
<b>Dette gjer ein prosjektkostnad før dugnad på:</b>		<b>Kr 192 748,- inkl. mva</b>

Det er ikkje søkt om eit spesifikt beløp. I dette høvet held Kommunedirektøren seg til budsjettert kostnad som utgangspunkt.

Søklar gjev ei skildring av aktivitetane og gjeremåla som dei ulike avdelingane i Dale Røde Kors gjer i lokalsamfunnet, frå beredskap og hjelpearbeid til etablering av sosiale møteplassar. Her står Korpshuset sentralt som aksjonsbase og samlingsstad.

Det går fram av søknaden at det er drive regelmessig vedlikehald på Korpshuset, i stor grad på dugnad. I samband med planlagt opprusting, vil det vere trong for eksterne tilskot.

Kommunedirektøren viser til søknaden for nærare informasjon om tiltaket.

### Formelt grunnlag:

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

### Vurdering og konsekvensar:

Søknaden vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak etter gjeldande krav.

I følgje bygdeutviklingsmidlane sin retningslinjer, skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. I dette inngår mellom anna tilskot til materiell, utstyr og opprusting i samband med ulike prosjekt.

Kommunedirektøren vurderer at Dale Røde Kors sin aktivitet, fell inn under bygdeutviklingsmidlane sitt føremål. Laget har ei brei verksemd, og er synleg på Dale og elles i kommunen. Tilbodet rettar seg mot det «breie lag», både når det gjeld operativ verksemd og aktivitets- og opplevingstilbod. Laget sitt nærvær og friviljuge innsats byggjer soleis opp under dei føremåla som midlane skal fremje, etter Kommunedirektøren si vurdering.

Når det gjeld sjølve tiltaket det vert søkt om midlar til, utgjer som nemnd Korpshuset ein sentral berebjelke i Dale Røde Kors si verksemd. I dette høvet dannar eit operativt og funksjonelt hus grunnlag for høg aktivitet i regi av korpset.

Bygdeutviklingsutvalet har ved fleire høve handsama søknadar om tilskot til vedlikehald og opprusting av ulike typar bygg, med diskusjonar om det er rett å gje tilskot til slike tiltak. Utvalet har i dette høvet, i stor grad, valt å løyve midlar. Kommunedirektøren tek difor utgangspunkt i denne praksisen, og går inn for å løyve kr. 40 000,- til planlagt vedlikehald av Korpshuset.

Med bakgrunn i ein kostnad på kr. 192 748,-, som budsjettert i søknaden, vil kr. 40 000,- i tilskot utgjere 21 % av kostnaden. Tidlegare løyvingar til liknande tiltak, har som regel vore «faste» tilskotsbeløp, og ikkje knytt til ei prosentvis finansiering. Kommunedirektøren går difor inn for denne modellen i gjeldande høve, under føresetnad av kostnadsdokumentasjon ved utbetaling. På denne måten vert ikkje tilskotet knytt til at heile prosjektet må gjennomførast, men snarare gjennomføring i høve til tilgjengeleg kapital til kvar tid.

Bygdeutviklingsmidlane sine retningsliner seier at det skal takast omsyn til geografisk fordeling ved bruk av midlane, og at bygder som ikkje har fått midlar tidlegare, skal prioriterast. I dette høvet har dei aller fleste bygdene i kommunen fått tildelingar, som regel fleire gonger, også Dale. Dette omsynet er teke omsyn til ved sakshandsaming.

Til  
Vaksdal Kommune v/ Bygdautviklingsutvalet  
Frå  
Dale Røde Kors Hjelpekorps  
Epost: Kov-gren@online.no

Dale 10.mai 2023

### Søknad om prosjektstøtte til bygdautviklingsutvalet

Søknad om støtte til vedlikehold av Korpshuset til ale Røde Kors Hjelpekorps.

Røde Kors streber i sitt arbeid etter å forebygge og lindre menneskelig lidelse. Organisasjonens formål er å beskytte liv og helse, og sikre respekt for enkeltmennesket. Røde Kors arbeider for å fremme gjensidig forståelse, vennskap, samarbeid og varig fred mellom alle folk, og bygger på dei sju grunnprinsippa: Humanitet, upartiskhet, nøytralitet, uavhengighet, frivillighet, enhet, og universalitet.

I praksis lokalt har Dale Røde Kors mange ulike aktiviteter. T.d. fyrstehjelpkurs, sanitetsvakt på arrangement o.l., bingo for dei eldre, høgtlesing av aviser på Daletunet, besøksvenn, påskevakt i fjellet, samt deltaking i større redningsaksjonar lokalt og i fjellheimane m.m.

Nytt av året kan nemnast at Hjelpekorpsset i år jobbar med å etablere eitt nytt tilbod for ungdom mellom 13-17 år, kalla RØFF – Røde Kors Friluftsliv og Fyrstehjelp. De finn meir informasjon om dette tilbodet her: <https://www.rodekors.no/tilbudene/roff-rode-kors-friluftsliv-og-forstehjelp/>.

Sentralt i alle aktiviteter til Dale Røde Kors er Korpshuset på Dale, som fungerer som navet i organisasjonen lokalt. Her finn mange av aktivitetane stad, og alt av viktig utstyr til beredskapen lokalt vert oppbevart her, samt fungerer ofte korpshuset som aksjonsbase om det t.d. er lokale leiteaksjonar.

Utleige av korpshuset gjer organisasjonen også litt inntekter.

Røde kors har sidan korpshuset vart bygd i 1986 halde det ved like etter beste evne på dugnad, men no ser ein at det etter kvart trengs litt større vedlikehaldsarbeid/oppdatering for å energieffektivisere huset. Ein har dei seinare åra investert i t.d. Varmepumpe av same grunn, men det trengs no nye vindauge og dører/portar for å halde betre på varmen og få eit betre inn klima. Då Dale Røde kors i 2023 vert 75 år i desember, tenkte ein at det hadde vore kjekt å fått gjennomført denne oppgraderinga innan jubileumsfeiring i desember.

Dale røde kors har innhenta pris på 2 nye garasjeportar med montering, 1 ny dør, og 7 nye vindauga. Alt av montering forutan garasjeportane som må monterast av fagfolk, er tenkt gjennomført på dugnad.

#### Basert på mottekne tilbod vert budsjettet for bytte av ovannemde slik:

2 stk Garasjeportar	-	Kr 79750,- inkl. mva
Montering av garasjeportene		Kr 37500,- inkl. mva
7 stk nye Lyssands 3 lags vindauger		Kr 59310,- inkl. mva
1 stk Ny ytterdør		Kr 6188,- inkl. mva
Estimert for listverk og foringer ca.		Kr 10000,- Inkl. mva.

---

**Dette gjer ein prosjektkostnad før dugnad på:      Kr 192 748,- inkl. mva**

---

Alt anna enn monteringa av garasjeportane vil bli utført på dugnad, og me anslår dette til å bli Ca. 60-100 dugnadstimar.

Me håpar at Vaksdal kommune ved Bygdautviklingsutvalet kan tenka seg å hjelpa laget økonomisk med dette viktige prosjektet.

Med vennleg helsing  
Kai Ove Grenasberg  
Korpsleiar  
Dale Røde Kors Hjelpekorps



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
27/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V12, FE-223	23/1041

### HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV NOFENCE FOR BRUK PÅ GEITER SOM LANDSKAPSPLEIARAR

#### Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Støtte til opning av landskap

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 7 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Tor-Arne Helle til innkjøp og bruk av Nofence på geiter som landskapspleiarar langs turvegen frå Hellestræ til Storafjellet.

Tilskotet vert løyvd som eit «fast» eingongsbeløp, som utgjør 47 % av budsjettert kostnad.

Det er eit vilkår at aktuelle grunneigarar har gjeve løyve til planlagt beitebruk.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon (faktura, bilete m.m.)

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

I søknad av 07.08.23 søker Tor-Arne Helle om kr. 14 900,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av utstyr for bruk av Nofence på geiter. Søknaden utgjør 100 % av kostnadsoverslaget.

Utstyret skal nyttast på geiter som skal beite langs turløypa frå Hellestræ til Storafjellet, gjennom bruk av «elektronisk gjerde». Målet å opne landskapet og å fremje ferdsle, trivnad og opplevingar.

Bygdeutviklingsmidlane skal leggje til rette for aktivitetar og opplevinga for ålmenta. Kommunedirektøren er i dette høvet usikker på om tiltaket i tilstrekkeleg grad, fell inn under føremålet

til midlane. Det vert likevel vektlagt at bruk av geiter som landskapspleiarar, vil fremje landskapskvalitetane og kulturlandskapet langs ein mykje nytta turveg, som igjen gjev grunnlag for tilskot.

Innstillinga er å løyve kr. 7 000,- til tiltaket, som utgjer 47 % finansiering av budsjettet kostnad.

### **Bakgrunn for saka**

Bygdeutviklingsutvalet har lyst ut ny søknadsrunde for Bygdeutviklingsmidlane, med kr. 265 000,- til rådvelde. Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på om lag kr. 760 000,-.

Målet med tilskotsordninga er å skape opplevingar og aktivitetar som er opne og tilgjengeleg for alle, og som fremjar trivnad lokalt. I dette høvet kan lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar søkje om tilskot til prosjekt eller gjeremål med ålmennyttig verdi.

I sin søknad av 28.08.23, søker Tor Arne Helle om kr. 14 900,- til å bruke geiter som landskapspleiarar. Dette skal gjerast ved innkjøp og bruk av Nofence (6 stk. klavar og beacom), gjennom styrd arealbruk («elektronisk gjerde»).

Søknaden er motivert av at søker ønskjer å skaffe seg fleire geiter enn dei tre han har i dag, for å skape meir beitetrykk i terrenget. Bruk av Nofence gjev i dette høve effektiv nytting av beiteområdet, med oversikt over bruken av beitet til kvar tid. Det vert også lagt opp til informasjon om dette til publikum.

Søkar meiner at tiltaket vil fremje landskapsoppleving og turglede, og at bruken av geiter som landskapspleiarar, vil kome mange turgåarar til nytte.

Det vert søkt om 100%-finansiering ut frå følgjande budsjett:

UTSTYR	KOSTNAD, INKL. MVA.
Klavar ( 6 stk.)	14 625,-
Beacon (sparer straum)	275,-
SUM	14 900,-

Eigeninnsatsen er knytt til tilrettelegging og tilsyn .

Nærare informasjon om tiltaket går fram av vedlagt søknad.

### **Formelt grunnlag:**

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

### **Vurdering og konsekvensar:**

Søknaden vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak etter gjeldande krav.

I følgje bygdeutviklingsmidlane sin retningslinjer, skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og

leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. Her inngår mellom anna stønad til konkrete prosjekt, tiltak og aktivitetar

Det kan knytast tvil til om gjeldande tiltak er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål og retningslinene som skal liggje til grunn for tildeling.

Tiltaket skil seg frå dei fleste andre tiltaka det vert søkt om stønad til, ved at det handlar om beitedyr, som første og fremst er knytt til jordbruket, med aktuelle tilskotsordningar, som SMIL og midlar til organisert beitebruk. Søkjar kjem truleg ikkje innanfor desse verkemidlane, grunna driftsomsfang og tilknytning. I dette høvet kan det derimot nemnast at bruk av geiter med Nofence, i stadig større grad vert nytta til landskapspleie, i tillegg til tradisjonell beiterydding og jordbruksdrift. Dette ved at fleire og fleire gjer bruk av beitedyr for å opne opp landskapet i utmark, med mål om å fremje landskapsopplevinga til glede for turgåarar.

I gjeldande søknad vert det lagt vekt på verknaden og verdien av beitebruk og landskapsrydding for turopplevinga langs ein populær turveg, der landskapet i standen for tradisjonell hogst og rydding, vert opna opp ved bruk av geiter. Dette er truleg eit like effektivt, varig og rasjonelt tiltak, der

bruk av dyr også gjev ein meirverdi i høve til trivnad og oppleving.

Søknaden representerer eit lite beløp, og med bakgrunn i grunngevinga ovanfor og tilgjengelege tilskotsmidlar, gjer Kommunedirektøren framlegg om å løyve kr. 7 000,- til gjeldande tiltaket. Dette utgjer 47 % av budsjettet og godkjend kostnad.

Til Vaksdal Kommune

Søknad bygdeutviklingsutvalet

post@vaksdal.kommune.no

Tor-Arne Helle

Hellevegen 67  
5722 Dalekvam

90360558

## Søknad om støtte til opning av landskap

Turløype til Storafjellet frå Hellestræ er både ein attraksjon for innbyggjarar i Vaksdal, men også for turfølgjer frå andre kommunar. Området gror dessverre att i nedre del og gjer det lett for blant anna koloniar av flått å etablere seg.

Me ønsker å nytta geiter med Nofence til å opna landskapet og gjera det triveligare for folk å ferdas der. Denne søknaden gjeld støtte til å kjøpa inn slikt utstyr som kan nyttast på geit. Det er nødvendig med litt meir dyr en dei tre me har i dag og me ønsker å anskaffe fleire geiter som kan beita i terrenget. For å ha styring med geiter brukar me Nofence

Nofence<sup>1</sup> er eit norskutvikla system som lagar elektroniske gjerder. Systemet er verdens første virtuelle gjerdesystem for beitedyr og gjer det enkelt å gje dyra tilgang til gode og varierte beiter. Man kan enkelt følge med på dyras aktivitet og endre beitemønster frå dag til dag. Dette gjer at man kan utnytte beiteområde meir effektivt, samt teikne inn spesifikke områder langs sti. Systemet består av en app og en solcelle-drevet klave som kommuniserer med appen og webportalen over mobilnettet. Klaven inneheld GPS-teknologi som gir posisjonsdata. Informasjon om beitande dyr er tilgjengeleg ved å sette opp plakat som skannes ved start av stien slik at man kan sjå kor dyr og gjerde er.

**Ansvar** for tiltaket er Tor-Arne Helle. Eg har ansvar for oppfølging av dyra, både mens dei er på beite og gjennom resten av året.

### Budsjett

Utstyr	Antal	Pris inkl. moms
Klavar	6 stk	14625,-
Beacon (sparer strøm)	1	275,-
Sum		14900,-

Me søker om støtte til å dekke klavar og utstyret som kan nyttast på geit. Sum oppgitt i tabellen over

### Eigeninnsats

---

<sup>1</sup> [Nofence - Verdens første virtuelle gjerder for beitedyr](#)

Geitene må følgast opp jevnlig på området dei skal gå i. Me vil sjekka at område er sikkert for dyra og at det er tilstrekkeleg med mat, samt at området ikkje blir for stort til at beitinga mister effekt. I tillegg har med ansvar for dei utan sesongen og å skjøtta for mat, stell og nødvendig oppfølging. Kostnader med årleg leige og drift av klavane ligg på ansvarleg søkar. Det kostar om lag 700 kr per klave i drift årleg.

### **Plan for vedlikeholdskostnader**

Me vil sjølve lade opp og byte batteri etter behov. Utstyret har ei leve tid på mellom 2,5 og 5 år, litt avhengig av kva terreng dyra går i. Alt utstyr blir tatt av og vedlikehaldet etter produsent sine anbefalingar etter bruk.

### **Bilder**



*Figur 1 bilde av område like utanfor grensa til geitene*





*Figur 2 Del av stien til Storafjellet som geitene går på*



*Figur 3 Flått plukket av hunden etter en tur på fjellet i august. Beiting vil fjerne vegetasjon og bedre situasjonen vesentlig.*

Dato 7.8.23

MVH

Tor-Arne Helle



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
28/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V12, FE-223	23/1199

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL NYTT BETALINGSSYSTEM

#### Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Nytt betalingssystem

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjeve bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal Underhaldningslag for å kjøpe inn nytt betalingssystem (kassaapparat) til bruk ved arrangement i regi av laget.

Grunngjevinga for avslaget på søknaden om kr. 22 500,- i tilskot, er at tiltaket det vert søkt om støtte til, ikkje kan prioriterast i høve til bygdeutviklingsmidlane sitt føremål og tilgjengelege midlar.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- til fordeling ved søknadsomgangen i september 2023.

Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på om lag kr. 760 000,-.

Vaksdal Underhaldningslag søker om kr. 22 500,- i tilskot til innkjøp av nytt betalingssystem (kassaapparat) for bruk på framtidige arrangement.

Med bakgrunn i føremålet til bygdeutviklingsmidlane og tilgjengelege midlar, finn ikkje Kommunedirektøren grunnlag for å løyve tilskot til tiltaket.

##### Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- til fordeling ved søknadsrunden i september 2023, fordelt på 11 søknadar, med ei samla søknadssum på kr. 760 000,- (omtrentleg overslag)

Føremålet med bygdeutviklingsmidlane er å leggje til rette for opplevingar og aktivitetar som er opne og tilgjengelege for alle, og som skapar trivnad i lokalsamfunnet.

I søknad av 26.08.23 søker Vaksdal Underhaldningslag om kr. 22 500,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av nytt betalingssystem (kassaapparat) for komande arrangement i regi av laget. Sjå søknaden for nærare informasjon om tiltaket.

### **Formelt grunnlag:**

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>


### **Vurdering og konsekvensar:**

Retningslinjene for bygdeutviklingsmidlane seier at det kan søkjast om stønad til konkrete prosjekt, tiltak og aktivitetar, mellom anna ved innkjøp av materiell og utstyr. Det kan ikkje gjevast tilskot til generell drift.

Søknaden frå underhaldningslaget handlar om innkjøp av nytt kassaapparat, som erstatning for det gamle. Kommunedirektøren ser i dette høve på innkjøpet som eit naudsynt, teknisk hjelpemiddel for gjennomføring av ulike arrangement, og ikkje eit tiltak som vedkjem sjølv programinnhaldet. Innkjøpet vert difor vurdert å vere knytt til sjølv drifta av komande arrangement, som det ikkje kan gjevast tilskot til, i følgje gjeldande retningslinjer.

Samstundes oppfattar Kommunedirektøren at tiltaket fell utanfor føremålet og intensjonen med bygdeutviklingsmidlane, og at det soleis ikkje er grunnlag for å prioritere - eller innstille på - tilskot til tiltaket.

Kommunedirektøren si innstilling er å ikkje løyve tilskot til tiltaket.



Vaksdal Underhaldningslag  
v/ Pia Therese Njaastad Mæland  
Skulstadvegen 46, 5263 Trengereid

Bygdeutviklingsutvalet  
Vaksdal Kommune

26.08.2023

## Søknad om midlar til nytt betalingssystem

Vaksdal Underhaldningslag vil med dette søkje om 22.500 kr. til å kjøpe inn nytt kassasystem.

### **Bakgrunn for søknad:**

Vaksdal Underhaldningslag er opptekne av at gjestane våre skal få eit godt opphald på arrangementa våre og då er det viktig at alt fungerer slik det skal. Kassasystemet vårt har fungert supert i mange år, men det er no diverre blitt så gamalt at vi ikkje får oppdatert det lengre. Vi har i dag tre ipadar, med tilhøyrande kortterminalar, som vi ikkje kan bruke med betalingsløysinga vår frå Izettle, og det er desse vi søkjer om midlar til å erstatte.

Lenkjer til det vi søkjer om midlar til:

<https://shop.zettle.com/no/kassasystemer/zettle-store-kit-mat-og-drikke#>

<https://shop.zettle.com/no/kassasystemer/zettle-store-kit-mini>

<https://shop.zettle.com/no/betalingsterminaler/zettle-terminal>

Håpar på positivt svar!

Med venleg helsing

Pia Therese Njaastad Mæland  
Leiar Vaksdal Underhaldningslag



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
29/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V12, FE-223	23/1198

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL BARNE- OG UNGDOMSKONSERT - VINTERTREFFET 2024

#### Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Barne- og ungdomskonsert

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet tek stilling til mogleg tilskot til barne- og ungdomskonsert ved Vintertreffet i 2024 på bakgrunn av kr. 30 000,- i frie fondsmidlar til fordeling.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- til fordeling ved søknadsrunden i september 2023, inkludert restmidlar frå tidlegare søknadsomgangar (kr 15 000,-). Samla sett er det søkt om kring kr. 760 000,- i tilskot, fordelt på 11 søknadar.

I søknad av 26.08.23, søker Vaksdal Underhaldningslag om kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av barne- og ungdomskonsert på «Vintertreffet» i 2024.

Vintertreffet har tidlegare fått tildelt høvesvis kr. 50 000,- (2023) og kr. 10 000,- (2021) i tilskot.

Kommunedirektøren si vurdering er at årlege festivalar som hovudregelen berre kan få tilskot til tiltak som utviklar programmet (nyskapingar og liknande). Dette har også vore utgangspunktet for Bygdeutviklingsutvalet si handsaming av slike saker.

*Kommunedirektøren ber Bygdeutviklingsutvalet ta stilling til søknaden om tilskot til barne- og ungdomskonsert under Vintertreffet 2024, ut frå kr. 30 000,- i frie/disponible fondsmidlar.*

#### Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har lyst ut ny søknadsrunde for Bygdeutviklingsmidlane, med kr. 265 000,- til rådvelde, i tillegg til restmidlar frå tidlegare tildelingar (kr. 15 000,-).

Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på om lag kr. 760 000,- (omtrentleg overslag).

Målet med bygdeutviklingsmidlane er å skape opplevingar og aktivitetar som er opne og tilgjengeleg for alle, og som skapar trivnad i bygdene. I dette høvet kan lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar søkje om tilskot til prosjekt eller gjeremål med ålmennyttig verdi.

I søknaden frå Vaksdal Underhaldningslaget vert det søkt om kr. 50 000,- i tilskot til gjennomføring av barne- og ungdomskonsert på Vintertreffet i 2024. Det går fram at slike konsertar er gjennomført tidlegare, men ikkje dei siste åra, grunna økonomi. No ønskjer underhaldningslaget å gjeninnføre tiltaket, for å kunne gje tilbod til den yngre generasjonen.

Årsaka til at det vert søkt om bygdeutviklingsmidlar, er den kraftige prisauken ved å leige inn artistar dei siste åra, i tillegg andre utgifter som lys, lyd og liknande. Arrangøren ser det difor som naudsynt å søkje om ekstern finansiering for å kunne trekkje til seg kjende namn. I dette høvet løyvde Bygdeutviklingsutvalet kr. 50 000,- i tilskot til fjorårets arrangement, som underskotsdekning.

Det er ikkje lagt ved kostnads- og finansieringsplan for barne- og ungdomskonserten.

### **Formelt grunnlag**

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

### **Vurdering og konsekvensar**

I følgje bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer, skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. Her kan det mellom anna gjevast tilskot til konkrete prosjekt, tiltak og aktivitetar, men ikkje til generell drift. Det kan også gjevast tilskot til permanente prosjekt i tunge fasar.

Bygdeutviklingsutvalet har ved tidlegare høve, handsama søknadar og gjeve tilskot til årlege festivalarrangement i kommunen. Desse søknadane har vore grundig vurdert av administrasjonen, og drøfta inngåande i utvalet, mellom anna i høve til tilgjengelege tilskotsmidlar og løyving til andre tiltak det er søkt om støtte til.


Bygdeutviklingsutvalet har avgrensa midlar til fordeling, og innstillinga frå Kommunedirektøren i tidlegare saker, har vore å berre gje eitt tilskot per festival (eitt festivalår), med mindre festivalane har klare nyskapingar og utviklingstrekk på programmet, med ekstra finansieringsbehov. Grunngevinga har i tillegg vore at fleirårige løyvingar til vidareføring av «det eksisterande», vil kunne vere tilskot til drift, som ikkje skal gjevast i følgje retningslinjene.

Fram til no har Vintertreffet, Daledagane og Stamnes Fiskefestival fått tilskot ein gong kvar, medan Elvebrus har fått tilskot to gonger.

Som nemnd er ei viktig årsak for søknaden om tilskot barne- og ungdomskonserten, auka utgifter ved drift og gjennomføring, som truleg vil vere gjennomgåande for dei fleste festivalarrangementa i kommunen. Dette stiller krav til tilpassing og økonomistyring.

***Kommunedirektøren tek ikkje stilling til om gjeninnføring av barne- og ungdomskonsert på Vintertreffet i 2024, representerer ei utvikling og nyskaping som gjev grunnlag for tilskot. I dette høvet ber vi Bygdeutviklingsutvalet vurdere mogleg bruk av inntil kr. 30 000,- i frie fondsmidlar til tiltaket.***





Vaksdal Underholdningslag  
v/ Pia Therese Njaastad Mæland  
Skulstadvegen 46, 5263 Trengereid

Bygdeutviklingsutvalet  
Vaksdal Kommune

26.08.2023

## Søknad om midlar til Barne- og ungdomskonsert

Vaksdal Underholdningslag vil med dette søkje om 50.000 kr. til å arrangera barne- og ungdomskonsert under Vintertreffet 2024.

### Bakgrunn for søknad:

Vaksdal Underholdningslag vart skipa hausten 2004, men dei same personane har arrangert konsertar på Vaksdal sidan 1997. Laget er allmenntilgjengleg, registrert i Frivillighetsregisteret, med det føremål å få nasjonale og lokale artistar til Vaksdal. Johnny Logan, Åge Aleksandersen, DDE, Hellbillies, Halvdan Sivertsen, Tor Endresen, Return, Sigvart Dagsland og Vamp er døme på nokre av artistane som har vore på Vaksdal i regi av Vaksdal Underholdningslag, i tillegg til dei mange lokale artistane og musikarane frå Vaksdal kommune.

Me har diverre erfart at det år for år har blitt vanskelegare å gjennomføra Vintertreffet reint økonomisk. Eit døme på det er fjorårets arrangement som hadde eit underskot på 87.994 kr. Årsaka til at det vert vanskelegare å arrangera er mange, og ikkje noko som er spesielt for Vintertreffet og Vaksdal. For det fyrste har prisen på nasjonale artistar auka kraftig år for år og det same har utgiftene til andre ting som til dømes lyd og ljós. Barne- og familiekonserten vart diverre tatt vekk frå programmet for nokre år sidan fordi vi ikkje fekk inntektene til å vege opp for utgiftene, men vi ynskjer sterkt å kunne tilby noko for den yngre generasjonen også.

Håpar på positivt svar!

Med venleg helsing

Pia Therese Njaastad Mæland  
Leiar Vaksdal Underholdningslag



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
30/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/945

### HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES FISKEFESTIVAL 2023

#### Vedlegg:

Søknad til bygdeutviklingsmidlar til Fiskefestivalen på Stamnes i 2023 - ny søknad

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet vurderer tilskot til Stamnes Fiskefestival i 2023 med utgangspunkt i kr. 30 000,- i tilgjengelege fondsmidlar til fordeling.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- til dispensasjon ved gjeldande søknadsomgang, med men bakgrunn i kr. 760 000,- i samla søknadsbeløp (11 søknadar). I tillegg har utvalet kr. 15 000,- i restmidlar frå tidlegare.

Stamnes Bygdalag søker om kr. 40 000,- i tilskot til gjennomføring av Stamnes Fiskefestival i 2023.

Bygdelaget søkte om det same tilskotsbeløpet til årets festival ved førre søknadsrunde (mars -23), men fekk avslag. Søknaden er no fremja på nytt.

Programmet for fiskefestivalen, med kostnadar, ligg ved søknaden.

*Kommunedirektøren gjer framlegg om å ikkje løyve midlar til festivalen i 2023, men viser til unytta midlar på kr. 30 000,- som Bygdeutviklingsutvalet eventuelt kan gjere nytte av.*

Sjå påfølgjande saksutgreiing for nærare forklaring og grunngjeving.

#### Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- til fordeling ved søknadsrunden i september 2023. Det er samla sett søkt om kr 760 000,- i tilskot, fordelt på 11 søknadar.

I søknaden sin av 05.08.23 søker Stamnes Bygdalag, på vegne av friviljuge lag på Stamnes, om kr. 40 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stamnes Fiskefestival for 2023.

Det vart også søkt om det same beløpet til årets festival, ved søknadsomgangen i mars 2023. Her gav Bygdeutviklingsutvalet avslag. Grunngevinga var at utvalet løyvde kr. 40 000,- i tilskot til festivalen i 2022, og at det ut frå avgrensa midlar, ikkje vart prioritert å gje tilskot til det same arrangementet fleire gonger, med unntak for nyskaping ar i programmet.

Bygdalaget opplevde avslaget som svært skuffande og lite motiverande. Det er difor fremja ny søknad, ut frå at andre festivalar i kommunen fekk tilskot frå bygdeutviklingsutvalet i 2023. Dette ser søkjar på som urettferdig, og meiner det ikkje kan vere slik at festivalane i stasjonsbyane får midlar, medan dei små, som ligg i utkantane, ikkje får noko. Her peikar også søkjar på at festivalen deira, så absolutt, er i tråd med retningslinene for bruk av bygdeutviklingsmidlane, i form av eit variert program med aktivitetar og opplevingar for alle – i alle aldrar.

Søkjar presiserer elles at Stamnes Fiskefestival er svært viktig for bygda, der det vert lagt ned mykje friviljug arbeid for å gjennomføre årlege festivalar. Samstundes har det vist seg at det er vanskeleg å få innbyggjarar frå andre stader i kommunen, til å kome på arrangementet. Det vert difor sett opp transporttilbod med buss og båt, med ekstra utgifter som ikkje andre arrangørar har, i følgje søknaden.

Årets festival vart som vanleg arrangert den siste helga i juni. Nytt av året var at ungdom mellom 12 og 18 år fekk inngang på show med Vinskvetten, i følgje av vaksne, som mange nytta seg av.

Kostnad- og finansieringsplanen for arrangementet var som følgjer:

Tekst	Utgifter (kr.)	Finansiering (kr.)
Estimerte kostnader, totalt (sjå vedlegg for spesifisering)	354 000,-	
Billettsal		156 000,-
Sal av varer		86 000,-
Gåver/sponsorinntekter		32 000,-
Eigeninnsats		40 000,-
Søknad, tilskot bygdeutviklingsmidlar		40 000,-
<b>SUM</b>	<b>354 000,-</b>	<b>354 000,-</b>

Nærare informasjon om søknaden og arrangementet går fram av vedlegg.

#### Formelt grunnlag:

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

#### Vurdering og konsekvensar:

Søknaden vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak etter gjeldande krav.

I følgje bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer, skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. Stamnes fiskefestival innfrir desse målsetjingane.

Som nemnd i saksutgreiinga, har Bygdeutviklingsutvalet ved fleire høve gjeve tilskot til festivalar i kommunen. I denne samanheng er grunnlaget for slike tildelingar vurdert og drøfta, både i saksutgreiingane frå administrasjonen og av Bygdeutviklingsutvalet.

Det har vore diskusjon om ein i det heile, skal gje tilskot til faste, årlege festivalarrangement, der ein i stor grad byggjer på billett- og salsinntekter. Dette med bakgrunn i at det er avgrensa med bygdeutviklingsmidlar til disposisjon. Ei tildeling til slike festivalar vil difor kunne gå ut over tildelinga til nye/andre initiativ. Samstundes utgjer festivalane vanlegvis årlege tilbod, med fast program og etablert drift i høve til organisering og økonomi. Programma er innhaldsrike, med aktivitets- og opplevingstilbod, men tilskot til festivalane, spesielt over fleire år, vil kunne sjåast på som driftstilskot. Dette skal ikkje midlane nyttast til, i følgje retningslinene for bygdeutviklingsutvalet. Eit naturleg unnatak vil likevel vere om festivalane kjem opp med klare nyskapingar, som utviklar programmet og når nye målgrupper, saman med at kostnadane aukar.

Stamnes Fiskefestival var den første fiskefestivalen som fekk bygdeutviklingsmidlar, med tildeling i 2022, medan det også vart gjeve midlar til Elvebrus i 2022 og 2023, og Daledagane og Vintertreffet i 2022.

Tildelingane fordeler seg som følgjer:

- Stamnes Fiskefestival 2022 : kr. 40 000,- (kulturarrangement, utbetalt)
- Elvebrus 2022 : kr. 75 000,- (nyetablering, utbetalt)
- Elvebrus 2023 : kr. 40 000,- (vidareutvikling, utbetalt)
- Daledagane 2022 : Inntil kr. 50 000,- (underskotsdekning, utbetalt)
- Vintertreffet 2023 : Inntil kr. 50 000,- (underskotsdekning)

2021, Det vart òg gjeve kr. 10 000,- til innkjøp av stolar i  
der tilskotet hadde fleirbruksnytte for felles  
samsfunnsal.

Som oversynet viser, er det noko skilnad mellom beløpa som er løyvde, om enn i relativt liten grad. Elvebrus skil seg ut, både i tilskotsbeløp og at festivalen har fått løyvingar to gonger. Det første beløpet tok utgangspunkt i at festivalen vart etablert i 2022, med vesentlege etableringskostnadar, der Bygdeutviklingsutvalet la vekt på å støtte opp om ei nyskaping. Løyving nummer to, i 2023, vart grunngeve i ein vesentleg utvikling av festivalen, gjennom tilbod til nye målgrupper, med påfølgjande investeringsbehov. Kommunedirektøren meiner difor at det var gode argument for dei to tildelingane.

I sum meiner Kommunedirektøren at festivalane er handsama relativt likt, der skilnadane er gjeve greie for. Prinsippet bak tildelingane, ut over tilskot til eitt arrangement per festival, er at Bygdeutviklingsutvalet ikkje kan gå inn på fleirårige tilskot til drift og vidareføring, heller ikkje for å dekkje eventuelle underskot, med unnatak for nyskapingar. Dette vil i for stor grad gå ut over tildeling til andre, moglege tiltak og initiativ, i ein situasjon med avgrensa midlar. Ved eventuell,

framtid finansiering frå kommunen til nemnde festivalar, kan det difor vere meir tenleg å gje tilskot gjennom årlege budsjett, eller som øyremerkte tilskotsmidlar.

***Kommunedirektøren vel å ikkje gje innstilling til søknaden om tilskot til Stamnes Fiskefestival i 2023, men viser til tilgjengeleg restpott på kr. 30 000,-, som Bygdeutviklingsutvalet kan gjere nytte av, om det vert funne tenleg.***

Stamnes Bygdalag  
v/GM Gammersvik  
Toskedalsvegen 203  
5727 Stamnes

Stamnes 05.08.23

Vaksdal Kommune  
Bygdeutviklingsutval

## **På vegne av frivillige lag på Stamnes i Vaksdal Kommune søker Stamnes Bygdalag igjen om støtte til gjennomføring av Stamnes Fiskefestival 2023.**

Visar til avslått søknad i tildelinga frå Vaksdal Kommune vår 2023. Det var svært skuffande og lite motiverande for dei som gjer ein stor innsats. Fiskefestivalen på Stamnes vart som planlagt gjennomført siste helga i juli 2023. Det var fint ver og god stemning med mykje folk. Fiskefestivalen betyr svært mykje for bygda og tilreisande. Me får vist fram bygda vår og den spesielle kultur historia. Dette handlar om å halde liv i bygda inn i framtida.

Me søker på nytt etter at me fekk avslag i vår 2023. Me kan ikkje forstå at ikkje festivalen på Stamnes også skal få midlar når andre festivalar i Kommunen fekk dette. Festivalen vår er i høgste grad kvalifisert iht retningslinjene til utvalet. Det kan ikkje vera slik at festivalane i stasjonsbyane får midlar, mens dei små som ligg i utkantane ikkje får noko, og det av eit bygdeutviklingsutval. Fiskefestivalen prøver å tilby aktivitetar for folk i alle aldrar. Motbakkeløpet har kort løype for born og ungdom. Alle kan vera med på fiskekonkuransse og ulike aktivitetar. Nytt i 2023 er at ein kunne tilby ungdom melleom 12-18 år inngang på show med ledsager. Det var det mange som benytta seg av.

Bygda Stamnes ligg slik til at det vist seg at det er vanskeleg å få innbyggerane frå resten av kommunen inn her. Derfor har me transport tilbud med både buss og båt. Dette gjev oss ekstra konstnadar som ikkje andre har. Det er også få personar å ta av til vaktar, slik at ein må leige ein del til dette. Me driv dette på frivillig basis og omsetnaden er med på å halda liv i organisasjonane og bygda vår Stamnes.

## **Me søker om kr: 40 000 i støtte til gjennomføring av fiskefestivalen 2023.**

Konto nr Stamnes Bygdalag: 3500.51.23001

Mvh

Geir Magne Gammersvik

For Stamnes Bygdalag, Stamnes Idrettslag, Veteranklubben og Skutefolket

## Budsjett for fiskafestivalen på Stamnes 2023

Utgifter	Beløp	Kommentar
Premiar motbakkeløp	10000	
Premiar fiskekonkurranse	10000	
Hoppeslott leige	8000	
Kunst utstilling utgifter	10000	
Oster	12000	
Veteranbussar	2000	
Brørvik skuta	2000	
Veteranklubben Sjøtun	2000	
Quiz premiar	2000	
Quiz master	1000	
Show m/Vinskvetten	120000	Signert kontrakt
Dans med Daytrippers	18000	Signert kontrakt
Booking utgifter	10000	Signert kontrakt
Lyd utgifter	17000	Boge Lyd
Vaktar	8000	Dale Røde kors
Annonser	10000	
Bussrute, MEB	5000	Nattbuss
Ufortsette utgifter	12000	
Plakatar etc.	5000	
Stamnes Handel dag	30000	
Stamnes Handel kveld	60000	
<b>Estimerte utgifter</b>	<b>354000</b>	

## Finansiering

Kva	Beløp	Kommentar
Billettsal	156000	380 stk x 400kr + 20 stk x 200kr
Sal av varer	86000	
Egen innsats	40000	
Gåver/Sponsorar	32000	
Søknad Vaksdal Kommune	40000	
<b>Sum estimert</b>	<b>354000</b>	

**Samla sponsormidler pr 03.08.23**

**Pengar:**

<b>Arn pro Dalekvam</b>	<b>2 000</b>
<b>Tovi Elektro</b>	<b>5 000</b>
<b>Eviny</b>	<b>10 000</b>
<b>Osterøy Fergeselskap</b>	<b>2 000</b>
<b>Svein Mo AS</b>	<b>3 000</b>
<b>Pettersen entreprenør</b>	<b>5 000</b>
<b>Dale Bil</b>	<b>5 000</b>
<b>Sum pr idag</b>	<b>32 000</b>



# FISKEFESTIVAL

på **Stamnes**  
28-30.juli 2023



## Fredag

Middagshaugen opp  
Motbakkeløp  
(alle aldersgrupper)

Sentrum

15:30 Påmelding i Stamnes sentrum. Trimklasse kan gå fortløpande.  
17:00 **START LØP**  
18:00 Premieutdeling i Aktivitetshuset. Sal av drikke og noko å bite i frå kl 16.00

Grendahuset Frilund

21:00 Quiz i grendahuset Frilund. Quiz mester Eirik Straume Normann. Han tek gjerne ein låt og. Inngang kr 150, 18 års aldersgrense.

## Søndag

kl 12-15 open utstilling på KUNSTverkstaden.  
kl. 14 Fiskeslepp fra Fetabrua

## Lørdag

12.00 Opning av utstilling i KUNSTverkstaden med musikk og bobler. Fellesutstilling med Hege Ullensvang og Nieves Tur.

12.00 **Oppstart av aktivitetar på kaien:** Hoppeslott og ansiktsmaling / Grillmat og kafe /Marknad med lokale produkt og aktørar. Utstilling i Sjøtun v/veteranclubben.

Veteranbussar frå MEB på kaien. Bli med til Skipshelleren i Veteranbåten OSTER legg til kai. Her blir det omvising og sal av mat. Skutefolket kjem til kai med bygda si eigen skute; Brørvikskuto.

13:00 Start fiskekonkurranse. Sal av fiskekort frå kl 11.00 (kr 50/ 150) Det er mogleg å vere med å fiske frå båtane MB Ospenes - 8 passasjerer og Brørvikskuto - 12 passasjerer. Gi ev ein lyd når du kjøper fiskekort.

15:00 **Slutt fiske.** Innvegning av fisk.

16:00 Premieutdeling på kaien

19:30 Dørene opnar i grendahuset Frilund. Fri aldersgrense.

20.00 Show med **VINSKVETTEN** -Vestlandshumor på sitt beste! Under 18 år må ha med ledsager.

22:00 Fiskardans med **DAYTRIPPERS** - Bandet har med Helge Nyheim! 18 års aldersgrense.

01.30 Buss til Vaksdal via Dale

**SAL AV BILETTAR:** Show kr 400/under 18 år kr. 200.

Konsert og fiskardans kr. 400.

VIPPS til Stamnes Bygdalag nr 756034. Vis vips ved inngang.

Bilettar kan og kjøpast hos Solbjørg Veka Zuliani tlf: 95783633

Våre sponsorar

Ostedy Fergeselskap/ Ampro/  
Tysse henger/ Elvhuset/ Endeve  
Sport /Fleischers Hotell/Myrkdalen  
skisenter/ /Scandic Voss/ Dale of  
Norway/Voss aktiv/ Leiren Laks /  
Pettersen Entreprenør/Svein MO AS



arrangørar  
Bygdalaget  
Stamnes idrettslag  
Brørvikskuto  
Veteranclubben

